

ÅRBOOK FOR KARMSUND



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1956 - 1960

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE

1961

FØREORD

I fyrre årsheftet, Årbok for Karmsund, utkome i 1956, vart gjeve uttrykk for ynskje om at årboka kunne verta eit årvisst tiltak, og me hadde vona at det skulle gå slik. Me greidde ikkje det, men har måtta halda på tidlegare praksis som er ei bok kvart femte år.

Ein vil finna lite av det reint lokalhistoriske innhaldet denne gongen; men då det utgjorde hovudinnhaldet i den fyrre boka, fann me at denne gongen laut museet få plassen til å publisera materiale som har lege i lang tid og venta på å verta offentleggjort. Innanfor den økonomiske råma ein lyt halda, vart det då ikkje rom til noko meir.

Men neste gong skal lokalhistorikarane få sleppa til så sant dei har noko på hjarta.

Skriftstyret.




Fig. 1. Klyvjesal frå Hagalid i Hjelmeland med innskorne krokar og ovale meisar, merkt: «M V 1859». Salen er 48 cm lang. Meisane er 58 cm lange.
Museet i Haugesund.

Klyvje- og ridesalar i Karmsund.

Klyvjekassar og torvkassar. Kiper og bårkister.

Av Svein Steinsnes.

KOMBINERT KLYVJE- OG RIDESAL.

I samband med landssjået i Bergen 1910 skipa Bergens Museum eit kulturhistorisk sjå over gamle køyregreier og salar. Der var klyvjesalar, ridesalar for menn og ridesalar for kvinner. Til dette sjået gav dåverande konservator, seinare professor, Haakon Shetelig ut ein utførleg katalog og avhandling: «Gammelt kjøre- og ridetøi» innteken i Bergens Museums Aarbok 1910.¹

¹ Avhandlingi utan katalog er prenta oppatt i Haakon Shetelig: «Arkeologi — Historie — Kunst — Kultur» (Bergen 1947) s. 40—56.

«Kløvsadelen er den mest primitive av de sadelformer som nu foreligger», skriv Shetelig, og vidare: «Skjønt denne sadel i senere tider bare har vært brukt til transport av gods kan det være grund til at tro at den i det væsentlige ogsaa viser typen for den ældste ridesadel».

Den vanlege klyvjesalen i Noreg er arbeidd av to tillaga fjøler som ligg på hesteryggen, ei på kvar sida av ryggen, og av to tverrstykke, brugder, som held fjølene saman og går i boge over dei¹. Til salen brukar dei klyvjemeisar, og i salsbrugdene er det innskore eller påsett krokar til å hengja meisane i. Fig. 1.

Om ridesalane skriv Shetelig at salane av ler er av utanlandsk opphav. Av treridesalane for menn skil han mellom «den gamle sætesdalske form der i hovedsaken er konstruert som kløvsadelen, med to bretter, forkarm og bakkarm», og «de vestlandske træsadler som er skaaret i ét stykke av en bjerkestamme». Den sætesdalske formi, heiter det, «gjør i alle henseender et meget antikt indtryk; flere eksemplarer minder paafaldende om vikingetidens smak og arbeidsmaate».

Den ridesalen som Shetelig kallar den vestlandske, må vera ei etterlikning av den utanlandske lersalen. Sjølv om distriktet her, Karmsund i Nord-Rogaland, høyrer til Vestlandet, så kjenner me ikkje her denne vestlandske ridesalen. Derimot har den salen som Shetelig kallar den sætesdalske, vore vanleg både i Karmsund og elles i Rogaland og også andre stader på Vestlandet. Men det var ikkje vanleg på Vestlandet at salane var fint utskorne, såleis som dei sætesdalske på museet i Bergen.

Dei fleste stader har dei brukt denne salen berre til ridesal, og så har dei hatt ein serskild sal til å klyvja på, såleis også i Dalane, på Jæren og i storparten av Ryfylke og Sunnhordland. Men i heile Karm-

¹ Halldor O. Opedal skriv i «Makter og Menneske, Folkeminne ifrå Hardanger» V (Oslo 1943) s. 157:

«Kløvsalen var laga tå to halvkvervor som gjekk tvert over hestaryggen. Mellom dei låg det fjøler. Dei var neglde te stykki, tri naglar i kvar fjølande. Stykki var jamleg tå heilvaksi bjørk, og dei laut vera såleis buga at dei fall etter hestaryggen, den fremste noko meir enn den attare. Folk kalla dei brogdor.»

Hjå Ivar Aasen: «Norsk Ordbok» heiter det: «Sadelbrugda, f. opadbøiet Kant paa en Sadel».

I Suldal og Røldal heiter det ei rong. Sjå Lars Hellemo: «Frå det gamle arbeidslivet» (Oslo 1957) s. 47 og s. 123—124.

sund, i Nedstrand i Ryfylke og i dei sørvestre bygdene i Sunnhordland har dei ikkje hatt den vanlege klyvjesalen. Dei har derimot nytta ridesalen, den sætesdalske, både til klyvjesal og ridesal.¹ Fig. 2.

Det som skil denne salen ut frå den vanlege klyvjesalen, er at fjøler og brugder — bretter og karmer, som Shetelig seier — er laga såleis at salen vert god til å rida på. Frambrugda har ein fin og kraftig bøyg framover som er god å halda seg i, og bakbrugda er laga som bakparten av eit velforma sæte.

Salen er såleis fyrst og fremst utforma til å rida på, og det hørde stigbøylar til, istég, som dei gamle sa. Det har ikkje vore brukt meisar på salen. I grunnen er det ingen ting på salen som er serleg utforma med tanke på klyvjing. Såleis er det ingen krokar til å hengja kløvi på. Likevel er salen godt skikka til klyvjing. Dei hengde kløvi i eit børatog som dei la over salen.

Det var ein føremun med denne salen at dei kunne rida på han den eine vegen og taka kløv den andre vegen, t. d. når dei skulle til handelsmannen etter ei mjølkløv. Hadde dei ei lett kløv, hende det at dei reid på kløvi.

Salen er med andre ord ein såvoren sams klyvje- og ridesal som Shetelig ikkje kjende men resonerte seg til. Det kan beint fram sjå ut til at me i Karmsund og tilgrensande strok har eit område der dei har halde på den gamle måten og nytta den same salen både til klyvje- og ridesal.




Fig. 2. Klyvje- og ridesal med istég, frå Laupland i Bokn. 54 cm lang. Museet i Haugesund.

¹ Korleis det har vore på øyane i Ryfylke, kjenner eg ikkje til. I Sunnhordland har dei brukt kombinert klyvje- og ridesal i Sveio. Truleg har dei gjort det i Vikebygd og Valestrand og; men der har eg ikkje tala med nokon som kan minnast at dei klyvja. Ein mann som er oppvaksen på Våge i Bremnes og er fødd i 1879, kan minnast at far hans lånte ein klyvjesal på Tormodsæter og klyvja torvet heim på den. Det var ein kombinert klyvje- og ridesal.

På Sandsgård i Nedstrand, Ryfylke, har dei ein liten gamal klyvjesal med svært låge og breie brugder utan nokon bøyg framover på frambrugda og utan kroker til å hengja kløvi på. Dei hengde kløvi etter eit tog over salen og brukte ikkje meisar.




Fig. 3. Klyvje- og ridesal frå Småland i Sverige. Nordiska Museet, Stockholm, 456 M. q., 47 cm lang.

Foto: Nordiska Museet.

I Sverige har dei og hengt kløvi etter eit tog over klyvjesalen; men der har dei likevel nytta klyvjemeisar, dubbe, ovale meisar.¹ Der har dei og stundom brukt same salen både til klyvje- og ridesal. Om nr. 52 024 i Nordiska Museet i Stockholm heiter det såleis: «Sadel av trä, nuttjad som kløv- och ridsadel». Salen er frå Halaryd sokn i Småland og er merkt med årstalet 1774. Fig. 3.

I tidsskriftet «Rig» 1929 har Rune Norberg skrive ei avhandling: «Om förhistoriska sadlar i Sverige», der han fortel om funn i Jönköping og andre stader i Sverige av bronzen frå bronseslegne salar frå folkevandringstidi, 400—600 e. Kr. Det er dei eldste funn av salar som er gjorde i Skandinavia. Fig. 7, 8, 17 og 18 der viser rekonstruksjon av to av salane på grunnlag av desse bronsefunni. Fig. 4 og 5. Salane har vore arbeidde av to fjøler og to brugder. Norberg reknar salane for ridesalar. Derimot skriv Gösta Berg i «Nordisk kultur» band XVI «Handel og Samferdsel» (1934) s. 276 at desse salane utan tvil er klyvjesalar.

Det kan vera eit spørsmål om ikkje bae har rett, om ikkje desse salane har vore nytta både til riding og klyvjing. Salane var såleis laga at dei høvde godt både til å klyvja og rida på. Serleg høvde dei godt til klyvjesalar; men det har vore for stor skildnad på frambrugda og bakbrugda til at salane skulle ha vore berre til å klyvja på. Serleg gjeld dette den finaste av salane, den frå Vallstenarum i Vallstena sokn på

¹ Ragnar Jirlow i «Ymer», Stockholm 1935, s. 209 og 213.




Fig. 4. Rekonstruert sal frå folkevandringstidi på grunnlag av bronsefunn i Jönköping, Sverige. Frå Rune Norberg: «Om förhistoriska sadlar i Sverige», fig. 8 s. 104 i «Rig» 1929.




Fig. 5. Rekonstruert sal frå folkevandringstidi på grunnlag av bronsefunn i Vallstenarum, Vallstena sokn, Gotland, Sverige. Frå Rune Norberg: «Om förhistoriska sadlar i Sverige» fig. 17 s. 108 i «Rig» 1929.

Gotland. Der er frambrugda så høg og smal at det kan snaut vera tvil om at salen må ha vore til å rida på og. Det er ikkje nokon bøyg framover på frambrugda; men ho er så høg at ho har vore til god stø for han som reid. Noko feste for kløvi ser det ikkje ut til å ha vore på salane, så dei må truleg ha hatt tog over salane til å hengja kløvi i på

same måten som på klyvjesalane i Sverige i vår tid og på dei kombinerte klyvje- og ridesalane i Karmsund.

Ein kan seia at desse salane frå folkevandringstidi er ein mellomting mellom den vanlege klyvjesalen og den kombinerte klyvje- og ridesalen her hjå oss. Både desse siste må ha fått si form ved ei utvikling og spesialisering av folkevandringssalen som truleg er den opphavlege sams klyvje- og ridesalen.

Så lenge dei hadde denne gamle kombinerte klyvje- og ridesalen, måtte det vera naturleg at han etter kvart vart meir skikka til å rida på. Han vart ikkje verre til å klyvja på for det, viste det seg. Den såleis utvikla salen kunne difor nyttast både til serskild ridesal og til kombinert klyvje- og ridesal.

Der dei skulle klyvja på bratte og uføre fjellvegar, trong dei ein betre klyvjesal, og det fekk dei i den serskilde klyvjesalen med halastokk og med krokar til å hengja meisane i og der frambrugda var meir lik bakbrugda. Denne salen var framifrå skikka til klyvjing på uføre stader, men han var ikkje god til å rida på.

Truleg lyt ein rekna med at salen med fjøler og brugder også må ha kome her til landet som ein sams klyvje- og ridesal.

Skulle salen med fjøler og brugder ha vore komen hertil som to fullt utvikla typer, ein klyvjesal og ein ridesal, måtte det ha vore berre ridesalen dei hadde teke i bruk i Karmsund, og så måtte dei etter kvart ha teke opp ein gamal skikk som kanskje var avlagd for lenge sidan, og som aldri hadde vore i bruk her, skikken med kombinert klyvje- og ridesal. Men det er vanskeleg å tenkja seg ei såvori utvikling. Det er mykje meir rimeleg å tru at salen må ha kome til Karmsund som ein kombinert klyvje- og ridesal, og at det er dette som går att når dei her har brukt same salen både til klyvje- og ridesal.

Såvidt eg veit, har dei her i landet ikkje funne forhistoriske salar av dette slaget, så ein får ikkje nokor løysing på spørsmålet den vegen.

Når dei i Karmsund heller ikkje seinare tok i bruk den serskilde, vanlege klyvjesalen, kan det ha kome av at dei ikkje har hatt serleg bruk for han. Dei hadde ikkje her lange, bratte og uføre stølsvegar som dei skulle klyvja på, og dei greidde seg difor med den kombinerte klyvje- og ridesalen.

* * *

På dei serskilde klyvjesimalane var det, som nemnt, innskore eller påsett krokark til å hengja klyvjemeisar i, og så batt dei kløvi fast på meisane eller hadde kløvi i korgforma meisar. Dei hengde og reisleholkar i krokane utan å nytta meis.

Av klyvjemeisar kjenner eg til 5 slag i Rogaland og Hordaland:

1. Ei oval treråma laga av ein samanbøygd hatle- eller eikjerenning og med moskar i av vidjer, ei eller to vidjer på langs og to på tvers. Fig. 1. Det er denne meisi som har vore mest vanleg i området nær Karmsund. Ho har vore brukt i storparten av Ryfylke, i Røldal, i Hardanger og sume stader i Sunnhordland, såleis i Etne og i Skånevik sokn.
2. Ei korgforma meis laga av to ihopbundne ovale meisar. I Stordalen i Etne har sume brukt slike meisar, og dei har vore vanlege i Sør-aust-Ryfylke, i Dalane i Sør-Rogaland, i Hardanger, på Voss og andre stader i Hordaland. I Etne brukte ein dei helst til å reia krambuvarer i.
3. Stigeforma meis. Fig. 6. Den var arbeidd av to oftast noko bogne okar med tri innfelde rimar imellom. Dette slaget meisar har dei brukt i Fitjar, Tysnes, i Åkra sokn i Skånevik og andre stader i Sunnhordland, og i Hardanger.¹ I Stordalen i Etne har ein og annan hatt slike meisar i seinare tid. Til Rullestad i Åkra sokn kom desse meisane i manns minne. På Viland i Ølen, Sunnhordland, hadde dei og stigeforma klyvjemeisar, men der var det berre to rimar, og så var det vidjemoskar i firkanten mellom rimar og okar. Ein mann som var fødd i 1868 på Vatndal i Skånevik, Åkra sokn, fortalde at




Fig. 6. Stigeforma meisar frå Fitjar, 53 cm lange, 56 cm høge. Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag, Stord.
Foto: Sunnhordland Folkemuseum.

¹ I 1890-åri brukte dei og slike meisar på garden Fjellsbø i Lindås, Nordhordland.

der hadde dei og firkanta — stigeforma — meisar med vidjer i då han voks opp.

4. På garden Åkra i Åkra sokn i Skånevik hadde sume halvrunde klyvjemeisar som likna på ryggmeisar. Ein tynn stokk var bøygd i ein høg halvrunding, og endane var nedsette i ei kort vassrett fjøl. I romet over fjøli var to eller tri andre fjøler innfelde i den bøygde stokken. Det kjeraldet dei skulle klyvja, sette dei på den fyrstnemnde fjøli og batt det fast. Det var holkar eller spann av fortinna jarn dei brukte på desse meisane, og dei var visstnok ikkje eldre enn jarnholkaner. Folk som klyvja i treholkar, brukte stigeforma meisar.
5. I Hardanger har dei brukt ei avlang klyvjemeis der endane av ein boge gjekk inn i ei loddbein fjøl med ei vassbein fjøl frå midten av den fyrstnemnde fjøli til bogen. Underst i denne meisi er det bunde ei fjøl til å setja klyvjeholken på. Det er bilete av ei såvori meis hjå Halldor O. Opedal: «Makter og Menneske, Folkeminne ifrå Hardanger» V (Oslo 1943) s. 154.

Den svenske granskaren dr. Ragnar Jirlow meiner at dei enkle, runde eller ovale meisane er dei eldste. Det er berre frå Noreg han kjenner dei.¹

I Karmsund har dei i staden for meisar brukt klyvjekassar og kiper. Torv og ymse anna klyvja dei i klyvjekassar, sild, fisk og andre ting i kiper, og korn, mjøl og salt i hitar eller sekker. Meisar har berre ein sjeldan gong vore brukt av innflyttarar.²

Til å binda opp kløvi med brukte dei i Karmsund eit børtog med hégl (hogold) i. Fig. 7. Var det t. d. ei kornkløv, batt dei fyrst det duble børtoget godt fast kring den eine sekken. Ein mann lyfte så sekken opp på salen på den eine sida, og ein annan batt den andre sekken opp på hi sida med same børtoget og gjorde fast i hegli. På same måten gjorde dei med klyvjekassar og kiper. Dei batt børtoget kring kassane eller kipene og hengde dei opp med det. Kløvi hang såleis etter børtoget. Dette låg over salen utan at det var noko feste for toget eller

¹ Ragnar Jirlow i «Ymer», Stockholm 1935, s. 218, 231 og 233—234.

² Folki på eit par gardar i Vats leigde i fyrre hundreåret beite på Haukelisæter, innoom Dyrskar i Røldal, i Slettedalen i Sauda og på Rullestad i Skånevik og dreiv stølsdrift der. Dei brukte vanlege klyvjesalar med meisar.

kløvi på salen. Dei hengde kløvi så høgt opp at tyngdi kvilde på salen og ryggen, og at kløvi ikkje klemde hesten på sidene. Då støa og salen kløvi noko, så ho ikkje seig skeivt.

Der dei brukte den vanlege klyvjesalen og meisar, kunne stundom ein mann greia å leggja opp kløvi; men då måtte han bruka ei klyvjestytta under kløvi på den eine sida medan han la opp kløvi på hi sida. Det vanlege var at dei var to mann når dei la opp kløv på dei salane og.

Når dei brukte meisar på ein vanleg klyvjesal, laut dei og binda opp kløvi, så ho ikkje klemde hesten på sidene. Til det brukte dei åbandet eller staget, stagtoget, som gjekk over salen frå ei vidjelykkja i nedre kanten av meisane. Staga kløvi, sa dei i Ryfylke (Hjelmeland og Suldal).

* * *

På salane i Karmsund var det alltid halasta (eit). På dei serskilde klyvjesalane brukte dei derimot oftast halastokk, ein tillaga stokk omlag ei alen lang, til å ha på tvers under halen, halasterten, på hesten. Frå endane på stokken gjekk det lekkje eller vidjer som framme var festa på kvar sida av salen. No brukar dei helst baksele istaden. Halastokken støa kløvi betre enn halasta, og når dei skulle klyvja varer ned bratte fjellveggar, ville eit halasta røynd for mykje på halen. Var det svært bratt, brukte dei i Sogn dessutan eit attehaldstog som var festa bak midt i salen. Det heldt dei i for å støa både kløvi og hesten. I Karmsund kjenner eg ikkje til at dei har nytta halastokk. I nærmaste grannelaget, på Viland i Ølen, Sunnhordland, har dei derimot brukt halastokk til klyvjesalen. Der kallar dei halastokken for «pipstokk». «Pipestokk» seier dei i Sauda i Ryfylke. I Etne, Sunnhordland, seier dei halastokk.

Til dei serskilde klyvjesalane brukte dei ofte brystreim for at kløvi ikkje skulle reka bakover. I Karmsund-bygdene brukte dei ikkje brystreim. Dei spende salsgjordi så fast at salen ikkje rak bakover.

Til alle salane hørde salsgjord som gjekk under hesten. I Karmsund



Fig. 7. Børatog med hégel (hog-old), frå Sørstokko i Stangaland. Museet i Hauge-sund.




Fig. 8. Klyvje- og ridesal frå Stakland i Skjold. 55 cm lang. Museet i Haugesund.

var salsgjordi stundom festa nede på kvar sida i salsfjølene, anten i hol i fjølene eller i jarnkrampar. Men oftast gjekk salsgjordi over salen utan at det var noko feste for henne på salen. Fig. 8. Dei seier at salen hadde lettare for å siga skeivt når salsgjordi gjekk over salen, men likevel var det mest brukt. Truleg var det den eldste måten. Ein mann frå Hjelmeland, Ryfylke, fortalde at der la dei gjordi over klyvjesalen. Gjordi var av mjukt skinn, og for at salen ikkje skulle siga skeivt, la dei gjordi ein gong rundt den eine salsfjøli før dei knepte. Dei brukte hégl og ikkje spenna.

* * *

Ei kløv på 100 kilo var det vanlege her på våre kantar når det ikkje var for lang veg. Var det korn eller mjøl, hadde dei 50 kilo i kvar sekk. Det gamle har truleg vore at dei tok ei tunna korn i ei kløv. Ei tunna havre var 72 kilo (4 voger), og ei tunna reinkorn var 90 kilo (5 voger).

* * *

Det var mykje klyvjing og riding her i bygdene før i tidi. Dei klyvja torv heim frå utmarki,¹ dei klyvja korn til kverni og mjøl heimatt, ja, dei klyvja eller bar så å seia alt det dei skulle ha til gards og alt det

¹ Oppå fjellet i utmarki på Austreim i Skåre er det eit smog som heiter Klyvja-smog. Smoget må ha fått namnet avdi dei i gamle dagar har klyvja torv frå Fjellmyri som ligg just innom. Men det er ingen no som kan minnst eller har høyrte at dei klyvja der. Truleg har dei berre klyvja torvet ned av fjellet til torvhuset nedføre og så køyrt torvet derifrå og heim.

I Rogaland Historielags årshäfte 1916 s. 71—85 er ei utgreiing om Skudenes prestegjeld frå 1816 av sokneprest og prost F. A. Krogh. Der heiter det at torv var den vanlege eldingi, og «den største Deel af Beboerne maae paa Hestens Ryg ad de besværligste Veie hente dette Brændsel fra en Alminding $\frac{1}{3}$ à $\frac{1}{2}$ Miil op i Landet».

dei hadde å venda. Her var ikkje nemnande køyreveggar. Skulle dei lenger av, var det å gå eller rida, å bera eller klyvja.¹

Valentin Larsen, Haugesund, var fødd på garden Avaldsnes i Avaldsnes den 6/2 1849. Han fortalde at om sumaren same året som han kom til, flytte sokneprest Johan Lyder Brun frå Avaldsnes til Norderhov på Ringerike.² Bror til Valentin, Jens, var 15 år eldre og var i Salhus og såg på då presten reiste og skulle over Karmsundet. Prestfolket hadde med seg 4 hestar. Folki og druset vart ført over sundet i flyttbåten, men hestane «fløta» dei over ein om gongen, sa Valentin, d.v.s. at hestane måtte symja over sundet, og at ein mann sat bak i rongi i båten og heldt hesten i betlet og under hoka for å halda han oppe. Hestar er ikkje så gode til å symja, og i Salhus er det sterk straum. Då alt var kome over, bar det vidare innover på den gamle klyvjevegen og heilt til Ringerike. Før presten reiste, hadde det truleg vore auksjon hjå han over så å seia alt det han åtte, såleis som visi var den gongen når ein prest hadde fått nytt embete og skulle flytta.

Chr. G. Dalen, Skåre, f. 1854, fortalde at då far hans skulle byggja løda, køyrde dei lødematerialen på drog frå Førdesfjorden til Dalen, Tømmerdalen, og takpannene klyvja dei same vegen. Dette var før fyrste parten av Skjoldavegen vart bygd i 1858. Det må m.a.o. ha vore dei tider Haugesund vart by, i 1854.

Dei ferdavegane dei hadde, var berre til å gå, rida og klyvja på, såleis og dei vegane som førde nordover, sørover og austover frå Haugesund, eller rettare frå Skårekyrkja på Haugo.

Då dei offentlege vegane kom frå slutten av 1850-åri og utover, vart det snart slutt på klyvjingi dei fleste stadene i Karmsund. Men der dei budde langt frå veg, hende det at dei klyvja heilt til kring 1900. No er det berre nokre få gamle folk som kan minnst at dei klyvja i Karmsund.

* * *

¹ I «Oekonomisk Reise til Lister og Jedderen, foretagen i Efteraaret 1810» av løytnant P. P. Floor i «Topografisk — Statistiske Samlinger» I 2 (Christiania 1812) er fortalt om kjerrer med trehjul og treås, og så heiter det (s. 105): «Til Transporter bruges ei disse Karrer, men kun til Møgkjøren. Alt transporteres paa Kløv».

² Han var utnemnd til sokneprest der i 1848.

Ein må rekna med at salane vart arbeidde i distriktet her, og at det var serskilde folk som arbeidde dei. Ein mann frå Eggja i Skjold, fødd i 1874, fortalde han hadde høyrte at oldefar hans, Knut Eggja, «var ein meister til å laga salatre». Knut Eggja hadde jord på Eggja frå 1812 til 1829. Lærar Trygve Vinje fortel at i Etne, Sunnhordland, var det salmakarar i gamal tid, og den siste han veit om, var Amund Moe, fødd 1816. Amund var bonde og underoffiser og var ei tid ordførar i Etne.

* * *

På museet i Haugesund er det 12 kombinerte klyvje- og ridesalar. Ein av dei er fint rosemåla på grønn botn. Den er frå Nordre-Våge i Sveio, Sunnhordland, og har kanskje berre vore nytta til ridesal. Fig. 9. Ein annan sal, frå Lauvås i Sveio, er svartmåla med måla blomar på frambrugda. Sume av salane er måla, utan rosemåling, men dei fleste er umåla. Ein sal frå Sandeid i Ryfylke er litt utskoren med karveskurd. Fig. 10. Den må ha vore nytta berre til ridesal og er ikkje rekna med i dei 12 kombinerte; for i Sandeid hadde dei serskilde klyvjesalar. Ingen av salane frå Karmsund er utskorne eller rosemåla.




Fig. 9. Klyvje- og ridesal frå Nordre-Våge i Sveio. 51 cm lang. Museet i Haugesund.




Fig. 10. Ridesal frå Sandeid. 59 cm lang. Museet i Haugesund.

Som regel er det krampar av jarn på salane til å festa halastaet i, og krampar og lykkjer av jarn til istég-reimar; men på ein velbrukt sal frå Laupland i Bokn, fig. 2, finst det ikkje jarn. I bakbrugda på den er det to små navarshol til å festa halastaet i, og nede på sida av fjølene, just bakom frambrugda, er det eit noko større navarshol — eit på

kvar sida — til feste for kjettingane eller reimane til istégi. Sjølve istégi fylgde med salen.

* * *

Gamle folk i Karmsund kallar desse tresalane oftast for «klyvjesalar», og dei tenkjer helst på lersalar når dei talar om ridesalar. Men det er mange som veit at dei reid på klyvjesalen. Sume kallar salen «mann-folkesal». I Skjold seier dei stundom «skrevsal» i motsetning til tverrsal, kvinnesal.

I gamle auksjons- og skiftebøker er salane stundom kalla ridesalar, stundom mannssalar, stundom klyvjesalar og stundom berre tresalar. Såleis kan nemnast at på auksjon etter prost Caspar Dreyer i Torvastad den 11/3 1789 vart selt: «Een Træ Sahdel med Stigbøiler og Jord» og «Een grøn Mands Sahdel med alt Tilbehør». Etter ein husmann under Fosen i Avaldsnes vart den 29/9 1830 selt: «1 Kløvsadel med Ringe». Ringane må ha vore til å festa istég-reimane og halastaet i. På ein auksjon den 24/3 1846 på Haugo i Skåre vart mellom anna selt som appendiks for ein mann på Kvala: «1 Kløvsadel», og på skifte i 1847 på Brekke i Tysvær vart det selt «En Ridesadel af Træ» og «1 Do. Do.».

* * *

Frambrugda på den kombinerte klyvje- og ridesalen gjekk, som nemnt, i ein fin boge opp og framover. Ho vart her i bygdene kalla kane (ein), og det må koma av den fine bogen.

Same ordet må det vera når me talar om ein snøkane, d.v.s. ein snø-slede med bogne meiar. På dei gamaldagse arbeidssledane her, var det droger og ikkje bogne meiar. Dei fyrste snøsledane med bogne meiar som kom hertil, var stassledar som prestar og andre storfolk skaffa seg annanstad frå.¹ På desse stassledane var det truleg flotte bogar framme på meiane, og det må vera denne bogen framme på sleden som er opphavet til namnet snøkane.² Men no kallar me allslags snøsledar med

¹ På auksjon etter prost Røthing på Torvastad prestegard den 31/5 1804 vart det selt ein «kane», og det var den nye soknepresten, Jalles, som kjøpte han.

² Etter Hans Ross: «Norsk Ordbog» tyder kane på dansk og kana på svensk ein slede.



Fig. 11. Tverrsal frå Vestro i Skjold, merkt: «Siri Ommundsdatter Kringeland» og «1861». Det skal ha vore bruersalen hennar. Ho vart gift til Vestro den 9/7 1863. Salen er måla av Svend Johannessen Nodland. 64 cm lang. Museet i Haugesund.




Fig. 12. Tverrsal frå Kalland i Skåre, merkt: «Bertab Kjerstine Trulsdtr. Kalleland». Dette var bruersalen hennar. Ho var frå Grønhyll i Skåre og vart gift til Kalland den 26/5 1857. Det heiter i kyrkjeboki at ho då var på Kalland. Truleg har ho tent der og har brukt namnet Kalleland. 62 cm lang. Museet i Haugesund.

TVERRSALAR.

Om tverrsalane, kvinnesalane, skriv Shetelig:

«Tversadlene i den oprindelige form er bygget fuldstændig som kløvsadlene; men begge karmene er gjort høiere og paa sadelens høire side forbundet med et bøiet brett der tjener som rygstød; sadelens venstre side er desuten forsynt med et hængende forbrett».

Dette høver og på tverrsalane i Karmsund; men dei skil seg likevel klårt ut frå tverrsalane andre stader. På sjået i Bergen 1910 var det breie — firkanta eller avrunda — kanar (brugder) på salane, men det var ein frå Skjold i Karmsund (nr. 41) som skilde seg ut. Om den skriv Shetelig:

«Tversadel av grønmalt træ. Karmene er smalere end vanlig og temmelig høie, saa formen næsten blir triangulær. Forkarmen har ikke knap, men foroverbøiet spids. Rygstødet har malte ornamenter og initialer.»

Denne formi er karakteristisk for tverrsalane her i distriktet. Ingen av dei 20 tverrsalane på museet i Haugesund har knapp, men alle har høge og smale kanar, og alle, så nær som ein, har bøyg framover på framkanen. Fig. 11. Denne bøygen

må vera ei etterlikning av bøygen på kanen på mannssalen og er til å halda seg i når dei rid. Bøygen er ovom festet for ryggstøi og er arbeidd av same stykket som framkanen elles. På sume av salane har bakkanen ein tilsvarande bøyg bakover. Fig. 12 og 14. Den eine salen som det ikkje er bøyg på, er frå Storasund i Torvastad. På den er det i staden ei innskjering til å halda seg i øvst på framsida av framkanen. Fig. 13.

Shetelig skriv om tverrsalane at «Forkarmen har omtrent alltid en liten knapp». Når salane her ikkje har såvoren knapp, må det koma av at det ville ikkje høva å ha salsknapp på ein kane med bøyg framover. Knappen ville ha kome i vegen.

Også på ein annan måte enn det som er nemnt, skil tverrsalane i Karmsund seg ut frå mange av tverrsalane andre stader. Sveittafjølene er alltid tillaga såleis at det vert eit tydeleg sæte på dei. På den måten kan sveittafjølene formast meir etter hesteryggen, og salane vert likevel gode å sitja på. Stundom er dette sætet stoppa og overtrekt med ty eller skinn; men det må ha vore noko dei tok til med i seinare tid. Hjå Shetelig er det såvore sæte, utan trekk, på ein sal (nr. 37, fig 12) frå Voss. På tvers i sveittafjølene, under sætet, var det i Karmsund oftast eit hol til salsgjordi, såleis at denne korkje kom oppå sætet eller nedpå hesteryggen. Fig. 11 og 14. Var det ikkje såvore hol, brukte dei salsgjord som ikkje gjekk over salen men var festa nede på sveittafjølene.

Dette slaget tverrsalar med smale, høge kanar og bøyg framover øvst på framkanen ser det ut til at dei ikkje har hatt på sørsida av Boknafjorden. På Stavanger Museum har dei to tverrsalar med breie, fir-



Fig. 13. Tverrsai frå Storasund i Torvastad, merkt: «Ane Marta Rasmusdatter Storesund». Ho var frå Vikingstad i Torvastad og vart den 5/12 1867 gift til Storasund. I manntalet 1865 heiter det at ho var på Storasund då. Truleg har ho tent der og kalla seg Storesund. Ein må rekna med at det har vore bruresalen hennar. Museet fekk salen frå Fjørland i Skåre. 58 cm lang. Museet i Haugesund.




Fig. 14. Tverrsal frå Nodland i Førdesfjorden, Avaldsnes, merkt: «Ingeborg Sørensdtr. Stakkestad» og «1856». Ho vart gift den 2/4 1857 til grannegarden Nodland, og det må ha vore bruressalen hennar. Salen er måla av Sven Johannessen Nodland. 61 cm lang. Museet i Haugesund.

Ryfylke. Fig. 15. Det er ein gamal tverrsal som er omarbeidd til klyvjesal. Dei har skore bort ryggstøi på salen, og like eins har dei skore bort det tillaga sætet på salsfjølene. Kanane på salen er smale men ikkje så høge. Framkanen har ikkje bøyg framover, og bakkanen har ikkje bøyg bakover. Øvst på framkanen er det bora eit hol rett ned, og i det holet står ein pinne som er avskoren jamt med øvre kanten. Truleg har det vore ei kula eller ein knapp på toppen av pinnen. Til salsgjordi er det hol nede på bae sveittafjølene, og på den vinstre fjøli er det to hol til istéget. Der er ikkje krokar til å hengja kløvi etter, korkje innskorne eller påsette. Dei må difor ha hengt kløvi etter eit tog over salen.

Som tverrsal har denne salen likna på tverrsalane i Karmsund i det at kanane er smale; men han har skilt seg frå dei i Karmsund med at kanane ikkje er så høge som der, at det ikkje har vore bøyg framover på framkanen, og at det i staden har vore salsknapp.

Fig. 15. Tverrsal frå Ulvavoll i Vikedal, omarbeidd til klyvjesal. 60 cm lang. Museet i Haugesund.

Ein mann frå Sandeid i Ryfylke sa at dei kalla tverrsalane sætesalar; for på dei sat

dei, medan dei reid på mannssalane. I Ølen og Etne i Sunnhordland sa dei «jorasal» om tverrsalane. Det kom av rygg-gjordi, ryggstøi. Men dei sa tverrsal og.

Det vanlege i Karmsund var at dei sa tverrsal. Dei sa at kvinnfolki sat «tverrbóga», d.v.s. på tvers av bøkene på hesten. Ein mann frå Tysvær sa at dei kalla salen for «tverrbógesal». Elles kalla ein salen for kvinnfolkesal, og stundom sa ein brurasal; for det var vanleg at ei kvinna fekk seg sal til ho skulle vera brur og rida til kyrkje. Tverrsalane var som regel fint måla, og på ryggstøi var det ofte namn og årstal. Derimot var det ikkje ofte at mannssalane var måla. Dei skulle og brukast til klyvjesalar, og då ville målingi snart verta avsliten.

I gamle auksjons- og skiftebøker er tverrsal kalla «Fruentimbersadel», men det hender og at det står «Tversadel».

Istéget på tverrsalane er av tre. Det er fint arbeidt og har rom til bae føtene. Fig. 11.

Tverrsalane var vanlege så lenge her ikkje var offentlege vegar; og der dei sist fekk vegar, heldt salane seg lengst. Der reid bruri til kyrkje på gamal vis. Men det hende og at bruri reid sjølv om det var køyrevog til kyrkje.

Sjølvsagt var det ikkje berre når dei var brurer eller i brudlaup at kvinnfolki reid. Dei reid elles og når dei skulle ut og det var lang veg.

I 1858 skulle eit barn frå Eide i Stangaland til dåpen i Avaldsneskyrkja. Det var ikkje kyrkja i Koparvik den gongen, og Stangaland hørde til Avaldsnes. Det var lang veg, og dei reid til kyrkje. Ho som skulle bera barnet, hadde det med seg på hesten. Då dei kom til Fiskånå, småfla hesten, og barnet datt av. Vegen gjekk den tid på nedsida av mylna, så vegen var enno brattare enn han vart seinare. Barnet, som var ein gut, kom heilskapa frå fallet og vart ein gamal mann.

På ti av tverrsalane på museet i Haugesund er det årstall og namn eller førebokstavar. Den eldste salen er frå 1838 og den yngste frå 1871. På seks av salane er det namn eller førebokstavar men ikkje årstal. Av namni og bokstavane på fire av desse ser ein at dei er frå same tidbolken. Bokstavane på dei to andre veit ein ikkje kva tyder. Fire salar er det korkje namn eller årstal på. Tri av desse er umåla. Den fjerde er ein liten, grønmåla gjentesal. Kanskje dei umåla er eldre enn dei andre. Ein av dei umåla er frå Skiftestad i Sveio. Om den heiter det at

han vart nytta til bruresal siste gongen den 24/8 1898 då yngste dotter til eigaren gifte seg. I Avaldsnes var det så seint som kring 1905 ei kona frå Kalstø som reid til kyrkje. Men så var det slutt.

GRASTORVER TIL SALSUNDERLAG.

Under salen la dei *salsklædet*, så hesten ikkje skulle få gnag — knag, som me seier i Skåre —. Til salsklæde brukte dei i Karmsund eit samantlag gammalt åklæde eller sekker eller både åklæde og sekker. Salsklædet gjekk så langt ned på sidene at når dei klyvja, livde det for kløvi og.

I fjellbygdene med lange og uføre stølsvegar, t. d. i Hardanger, på Voss og i Sogn, har dei brukt stoppa puter — *bösser* — under klyvjesalen, ei bøssa («baossa») på kvar sida. Putene er stoppa med grisebust, halm eller anna.

Under bøssene, nærmast hesteryggen, har dei i Hardanger eit ullteppe for at bøssene ikkje skal verta våte av sveitte. Det kallar dei sveittaplagg. Oppå bøssene har dei eit barka skinn for at bøssene ikkje skal verta våte om det regnar. Det skinnet kallar dei ljóverja.¹ Heile salsunderlaget — sveittaplagget, bøssene og ljóverja — kallar dei ljó (ei) (bundi form: ljónæ) eller ljófòt (ei)². Det er såleis ikkje heile salsunderlaget dei kallar bøsser, men berre dei stoppa putene.³

¹ Bøssene var i Hardanger trekte med sauskinn på undersida men elles med stry eller sekkety. Difor trong dei ljóverja. Sjå Halldor O. Opedal: «Makter og Menneske. Folkeminne ifrå Hardanger» V (Oslo 1943) s. 158.

² Ivar Aasen: «Norsk Ordbog» under ordi ljo og ljofot og Halldor O. Opedal: «Makter og Menneske» V s. 158.

³ Brukte dei i Hardanger ikkje puter men sekker eller åklæder til salsunderlag, heitte det og ljó eller ljófòt. «Makter og Menneske» V s. 157 og 158.

I Ølen i Sunnhordland og Suldal i Ryfylke heiter salsunderlag lefòt (eit). For Suldal sjå Lars Hellemo: «Frå det gamle arbeidslivet» (Oslo 1957) s. 48 og s. 124. I Suldal er lefòtet sekker eller eit åklæde eller både sekker og åklæde med sekkene underst. I Ølen var lefòtet ei puta stoppa med turr hå og ein gamal saufell under. Puta gjekk over hesten og rakk rikeleg ned på bae sider.

På Voss var bøssene på undersida trekte med stry eller grovt lereft og elles med sauskinn. Der la dei eit åklæde under bøssene, og det kalla dei liffòt (eit). Brukte dei ikkje bøsser men berre åklæder eller åklæde og sekker under salen, kalla dei det og liffòt.

I Sogn var bøssene stundom trekte heilt med skinn, men dei hadde likevel teppe

Ordet bøssa i tydingi puta under ein sal eller sele er etter Ivar Aasen: «Norsk Ordbog» og Hans Ross: «Norsk Ordbog» brukt også på Austlandet og Sørlandet, sume stader berre om ei puta under bogtre. Etter «Ordbok øfver Svenska Språket» utgifven af Svenska Akademien, 5. bandet, (Lund 1925) er ordet også brukt i Sverige om puta under sal eller bogtre. Etter opplysning frå Landsmåls- och Folkminnesarkivet, Uppsala, er ordet velkjent både i Norrland og Svealand.




Fig. 16. Islandsk klyvjesal, «klyfberi», med grastorver til underlag. Frå Daniel Bruun: «Hesten i Nordboernes Tjeneste paa Island, Færøerne og Grønland», fig. 48.

* * *

På Island har dei helst brukt grastorver til underlag for klyvjesalen. Fig. 16. Men stundom brukte dei stoppa puter på same måten som i Noreg.

I ei bok av E. Dagobert Schoenfeld: «Das Pferd im Dienste des Is-

under bøssene. I Vik i Sogn kalla dei teppet under bøssene sveittaplagg eller lessskinn. Ein gamal mann frå Arnafjord i Vik herad sa at dei brukte ikkje puter under salen men eit par åklæder med ein kvitel underst, og det underlaget kalla dei lessskinn. Ein mann frå Balestrand, f. 1884, sa at dei og brukte gamle åklæder under salen og ikkje stoppa puter. Med «ei baossa» meinte dei der eit stort og brise (fermt) kvinnfolk.

G. F. Heiberg som grunnla Dei heibergske samlingar på Amla i Sogn, skreiv i «Maal og Minne» 1932 s. 122—123: «Under kløvsalen la man først det saakaldte «leskinnaplagg», der opprinnelig har vært et ullent skinn «le-skin». I senere tid har man istedetfor skinn brukt et plagg (utslitt teppe, kvittel, aaklæde). Ovenpaa dette og nedhengende paa hestens sider la man saa puterne, de saakaldte bosser, stoppet av halm med strie utenom, der med reimer var festet til salsbrugdens tverrstykker». Frå Færøyanne fortel Heiberg «at under salen paa hesteryggen ligger først et saueskin eller to, og derpaa en pute laget av sammenbundne høybundler». Sjå J. Chr. Svabo: «Indberetninger fra en Reise i Færøe 1781 og 1782» (København 1959) s. 138, punkt 5 a—b.

På Island heiter ei puta til å ha under klyvjesalen: «Ljena» (f.) eller «lena» (f.). Ordi har samanheng med det norske ordet ljo. Sjå ordi ljena og lena i «Islandsk—Dansk Ordbog» av Sigfus Blöndal (Reykjavik 1920—1924) og Alf Torp: «Nynorsk etymologisk ordbok» (1919) under ordet ljo.

länders zur Saga-Zeit» (Jena 1900) heiter det s. 25 om klyvjing på Island, i omsetjing:

«Når ein kløvhest skulle salast, la dei fyrst ei eller fleire tunne gras-torver (léna) på ryggen for at hesten ikkje skulle verta ryggssår (bak-sárr). På desse torvene la dei klyvjesalen (klyfberi)».

Hjá Daniel Bruun: «Hesten i Nordboernes Tjeneste paa Island, Færøerne og Grønland» (Kjøbenhavn 1902) heiter det s. 77—78 om klyvjesalsunderlaget på Island:

«Dette er enten to Puder, en til hver Side, stoppet af Hø eller Hestehaar — — — eller ogsaa — hvad der er det almindeligste — af Græstørv (reiðingur) — — —. Navnlig paa Steder, hvor det saakaldte Reidningagræs vokser, er Grønsværet særdeles egnet hertil, ligesaa hvor det er gennemgroet med Rødder o. l.»

Professor Nils Lid skreiv til meg i 1957:

«Då eg i 1935 var ved Helgafell på Torsnes i Breidefjorden på Island, såg eg at dei der hadde skori opp ymse slag torv, grastorv, til ymse slag bruk, derimellom den seigaste til klyvsalsunderlag.»

I Sigfus Bløndal: «Islandsk -- Dansk Ordbog» (Reykjavik 1920—1924) heiter det:

«reiðingur (-s -ar) m. 1. a) Underlag under en islandsk Kløvsadel (klyfberi) bestaaende af et stort Stykke tør, trævlet Jord (reiðingstorfa)

og et smalt Stykke (framanundirlag), der lægges tværs over Hestens Ryg, samt et Par mindre Sidestykker (reiðingsdynur). — b) islandsk Paksadel med tilhørende Underlag — —».¹ og ².

I «Islenzkir Þjóðhættir» av Jónas Jónasson (Reykjavik 1945) s. 71 heiter det at ofte var torvene sydde inn i skinn eller sekkefiller.




Fig. 17. Islandsk klyvjesal, «klyfberi». Dei øvste torvene er innsyddde i sekkety. Museet i Haugesund.

¹ «Reiðingur» heng saman med det islandske ordet «reiða» og det norske «reia» = klyvja.

² Sjå Broddi Jóhannesson: «Faxi» (Akureyri 1947) biletet mellom s. 226 og 227.

Fig. 17. Islands landbruksattaché i Noreg, Arni G. Eylands, fortel at det var helst når torvene vart gamle og slitne at ein sydde dei inn i sekkety.

Her på våre kantar må ein og tru at dei tidlegare har nytta grastorver til underlag når dei klyvja, og ein lyt difor gå ut frå at dette er ein skikk som islendingane har teke med seg frå Noreg.

Ein mann, f. 1874, frå Tveitaskog i Sveio, grannegarden til Halseid i Skåre, fortalde at han hadde høyrte at dei i gamle dagar brukte grastorva på hesten når dei klyvja. «Det må ha vore ei bøssa», sa han, «og det har vel berre vore ei naudhjelp». Han hadde elles skjønna det så at dei brukte berre grastorva og ikkje sal.

Det er verdt å leggja merke til at han sa det måtte ha vore ei bøssa. Med bøssa meinte han ei seig grastorva, og han kjende ikkje ordet bøssa som namn på ei stoppa salsputa.

Når dei i Hardanger, på Voss, i Sogn og andre stader kallar ei stoppa salsputa for bøssa («baossa»), så må det ha samanheng med dette ordet for ei seig grastorva. Ein må rekna med at den tid dei brukte grastorva til salsunderlag, har dei kalla denne torva for bøssa, og så må dette namnet ha gjenge over på stoppa salsputer då dei byrja å bruka det.

* * *

Ordet bøssa tyder på bygdemålet i Karmsund no fyrst og fremst eit slags brennetorv. Dei spadde bøssa, sa dei. Det vil seia at dei spadde torv med grassvorden på, såleis at grassvorden utgjorde den eine kanten av kvar einskild bøssa. Resten var grastæger og torvmold og stundom noko torv. Det var tægene som heldt bøssa saman. Bøssa turka dei som anna torv. Bøssetorv sa dei og. Bøssa var svært lett når ho var turr og vermde ikkje så godt som skikkeleg torv, men ho heldt lenge glør. Difor brukte dei bøssa når dei skara varmen for natti; men dei brukte og bøssa som vanleg elding, serleg til kakesteiking og under brynninggryta. Dei ville helst ikkje bruka bøssa inne i stova; for det rauk så mykje og vart så mykje oska av bøssa.

Dei spadde bøssa på stader der det var mykje grastæger og seig grasbotn, der det var tett myrgras eller finnskjegg. Difor var det eit tungt arbeid å spada bøssa. Oftast spadde dei bøssa i torvmyr — når det var «bøssemyr», d.v.s. myr der dei kunne spada bøssa, myr med seig gras-

botn — ¹; men dei spadde og bøssa der det ikkje var myr og ikkje torv under. Stundom kom dei heilt ned på grusen eller berget. I Utsira spadde dei alltid bøssa når dei skulle spada torv. Der kalla dei torvet i fyrste djupni med grastorva på for bøssa og torvet i dei andre djupnene — eit slags svart, godt torv — for kølta (ei). Torv var samnamn for bøssa, kølta og maskintorv. Det sa og ein mann frå Låndo i Avaldsnes og like eins ein frå Haugo i Torvastad.

Det gamle og enno vanlege namnet på gnr. 19 bnr. 6 i Skåre er Bøssmyr, og namnet må koma av at dei har spadt bøssa der.

Sume stader har dei spadt bøssa til seinare år, men andre stader slutta dei med det i siste halvparten av fyrre hundreåret. Der dei hadde rikeleg med godt torv, spadde dei helst ikkje bøssa.

Ordet bøssa brukar ein ofte som eit slags utnemne på anna dårleg torv. «Det er som ei bøssa», eller: «Eg vil ikkje ha den bøss», kan ein seia. Sume som ikkje kan minnst at dei spadde bøssa, kallar torvet or fyrste djupni i ei torvskjør — etter avbassingi — for bøssa eller bøsse-torv. I det torvet er det ofte mykje tæger — «myrtåg», sa ein mann frå Kalland i Skåre —, eller det er ringt mosatorv. Andre kallar svært seigt torv for bøssa sjølv om det er teke djupare i myri.

Folk spadde mykje grastorva i myrane og turka henne til underbreisla eller underlag i sæteskuten. Turr såvori torva trekte mykje væta til seg og var god underbreisla. I Sandeid i Ryfylke kallar dei desse grastorvene for bøssa. Sume seier bøsstorv og andre seier torvbøssa. Ein mann frå Tuastad i Avaldsnes kalla og slike grastorver for bøssa. I Sandeid kallar dei brennetorvet or fyrste djupni for bøssa sjølv om dei fyrst, på same staden, har spadt bøssa til å ha i sæteskuten.

Ei gamal kona i Sandeid, f. 1873, fortalde at grastorver som dei skar til torvtak på hus, kalla dei og bøssa.

Ein mann frå Ølen i Sunnhordland sa at når dei braut ny åker med spade, kalla dei den torva — grastorva — som dei braut og velte om, for bøssa. Han var frå Stumo ved fylkesgrensa mot Sandeid. Ein annan eldre ølensbu, f. 1866, kjende ikkje ordet bøssa. Han sa at brennetorv med grassvorden på kalla dei grastorv, og torva i nybrotet kalla dei tua

¹ Sjå «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» av Knud Leem v/ Torleiv Hannaas (Kristiania 1923) s. 17, noten til ordet basse.

eller basse. Dei hadde ei serskild hakka til å hakka sund tua eller bassen i nybrotet, og den heitte tuehakka. I Sandeid kallar dei grøntorva, grastorva, i åkeren for flugg (ein).

På Bremnes i Sunnhordland kallar dei og brennetorv med grassvorden på for grastorv. Dei kjenner ikkje ordet bøssa. Der skar dei elles grastorv med torvljå. Torva var så seig at torvspaden beit ikkje på henne, sa dei. På Jæren (Høyland fjellbygd) kallar dei såvore brennetorv for bassatorv.

Ein som opphavleg var frå Skjold, sa at bøssa var den seige grastorva over ein dove, over ei hengemyr, men han visste ikkje om han hadde ordet frå Skjold eller ein annan stad. Eg har ikkje høyrte nokon annan, korkje skjoldabuar eller andre, som har hatt namn på grastorva over ein dove.

Ordet bøssa står ikkje i ordbøkene i tydingi seig grastorva og brennetorv med grassvorden på. Det må vera ei sideform til basse, eit ord som er mykje brukt i Karmsund.

Ein basse er ei laus grastorva med mykje mold på. Moldbasse heiter det og.¹ Er moldi fråskoren, så berre grassvorden er att med den moldi som er godt innvoven av røtene, kallar me det ei torva. Ei torva er flat medan ein basse er tjukk. Elles skil ein ikkje alltid så skarpt mellom basse og torva. Ein basse kan godt vera liten. Folk talar om bassar i åkeren, og dei seier «hakka bassar». Bassar brukar ein ikkje til elding. Ein basse er såleis noko anna enn ei bøssa og noko anna enn ei torva. Er det lyng på bassen, seier me lyngbasse.

Basse står ikkje i tydingi torva i «Norsk Ordbog» av Ivar Aasen. I «Norsk Ordbog» av Hans Ross, står derimot ordet — frå Avaldsnes og Torvastad, Karmsund, — i tydingi «Grønsvær, Græstørv». I «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» av Knud Leem v/ Torleiv Hannaas (Kristiania 1923) står ordet bassar (fleirtal av basse); men Leem gjev ikkje ordet vid nok definisjon. Han seier at bassar er «Efter Augvoldsnæs Præstegields dialect Jord-klimper, som spades op af Moratzer, og legges

¹ I Haugesund vart det i 1881 innkjøpt ein liten dampbåt som heite «Nordland»; men folk kalla han «Moldbassen». Sjå «Haugesunds Rederiforening 1910—1935» (Haugesund 1935) s. 194. Det må truleg ha vore ein klump av ein båt. Enno er det mange som kjem ihug «Moldbassen», men det er få som veit at han heitte «Nordland».

paa Agrene for at gjøre Agrene dybere». Men det er ikkje berre dette som er bassar og var det heller ikkje på Leem si tid. Det kan me sjå i ei utgreiing frå kring 1750 av prost Peder Schrøder i Skudenes: «Beskrivelse over Ryfylke Fogderie», prenta i «Tidsskrift utgit av Rogalands Historielag» nr. 4 (1917) s. 16 (jfr. merknaden s. 53). Der er dei jordklumpane eller grastorvene som dei spadde i myrane og brukte til underlag og underbreisla i sumarshus for krøteri, kalla bassar, og like eins jordklumpane eller grastorvene som dei brukte til kompostar ute, i molddungar, som me seier.

Ordet basse er brukt i heile Karmsund og sume stader i Ryfylke og Sunnhordland. I Ryfylke er ordet såleis kjent av sume i Nedstrand, på Ombo og i Strand; men det er nærmast ukjent i Sandeid og Vikedal. I Sunnhordland er ordet kjent av sume i Moster, Etne og Skånevik, men i Ølen berre av sume gamle folk. I Sveio, Vikebygd og Valestrand er det velkjent. På Stord derimot er det vanskeleg å råka ein mann som kjenner og brukar ordet. På Bremnes seier dei torvbasse, men ikkje basse.

Når ein skal spada torv, brennetorv, lyt ein fyrst «bassa av», d.v.s. spada av grastorva og moldi, så ein kjem ned på torvet og kan byrja å spada torv. Det ein bassar av, og like eins arbeidet med å bassa av, kallar ein «avbassing» i Karmsund. I avbassingi er det mykje bassar dersom det veks gras eller lyng i myri, og det er difor det heiter å bassa av og avbassing. Spader ein bøssa, bassar ein ikkje av.

I Sandeid, Ryfylke, og i Gjerdesdalen i Vats, Karmsund, seier dei å bøssa av, og det dei bøssar av, kallar dei bøssa. Der har dei ofte torvmyri nær tunet og har stundom turka og hakka denne bøssa til torvstrøy og nytta det til underbreisla. Ein eldre utflytta mann frå søre Skjold, Karmsund, sa og bøssa av og kalla avbassingi for bøssa. Men i Skjold og elles i Vats seier dei bassa av og avbassing.

Ein gamal mann frå Ølen, f. 1877, sa at dei sa både bassa av og bøssa av. Avbassingi kalla dei basse eller bøssa, og det var ikkje noko anna dei kalla så, sa han. Ein annan ølensbu sa spa(da) av. I Etne og Moster seier dei bassa av. På Bremnes seier dei spa(da) tå.

I Sandeid er det sume mot Ølensgrensa som kallar avbassingi — og berre den — for bassar. Det same gjorde ein mann frå Sauda i Ryfylke.

Ein mann frå Vikedal i Ryfylke sa «å basta av ei torvskjer» og kalla

avbassingi for «avbast» (eit). Ein annen vikedalsbu sa «båsa av». Ingen av dei kjende ordet basse.

I Karmsund heiter det å bassa av ein husgrunn og eit grustak. Det seier dei i Etne og. I Sandeid seier dei bøssa av i den sammenhengen og.

Tidlegare var det noko dei i Karmsund kalla «bassa-poteter». Det hende dei sette poteter på den måten at dei braut ny åker og beint fram la såpotetene og hevdi nedi fori og velte torva — bassen — over utan at åkeren vart arbeidd på annan måte. Dei nye potetene voks inni torva eller bassen. Det var bassapoteter.

I gamle dagar brukte dei stundom «bassagard» eller «torvgard», d.v.s. gjerde bygt av bassar som var lødde oppå einannan. I seinare tider brukar ein eit slags holveiter som ein kallar «bassaveiter». Torvveiter seier dei andre stader.

I overført tyding brukar me ordet basse om ein tjukk mann eller gut. Ei mor som har ein tjukk og triveleg liten gut, kan skryta og seia: «Han er tung som ein basse», og ho kan kalla guten «bassen min» — sjølvstøtt utan at ho då tenkjer på ein moldbasse. Det hender og at ein gut vert heitande «Bassen» i mange år. I overført tyding må det og vera når Ivar Aasen i «Norsk Ordbog» har basse i tydingi «et stort og triveligt Dyr; ogsaa en stor og stærk Karl», kanskje og når Hans Ross i si ordbok har ordet basse i tydingi bjørn (frå ein maneformular). Ein kan og nemna ordi fyllebasse og villbasse. Ordet fyllebasse må vera laga med tanke på at ein turr basse kan trekkja til seg mykje vatn. Jfr. fyllebytta og uttrykket: Han drikk som ein svamp.

I slike overførde tydingar nyttar dei ordet basse også i Danmark¹ og Sverige².

Det kan ikkje vera tvil om at basse og bøssa må vera gamle ord i bygdene i og kring Karmsund, basse i tydingi grastorva med mykje mold på, og bøssa i tydingi ekstra seig grastorva som kunne brukast til elding og også til salsunderlag. Tidlegare må ordi ha vore nytta på same

¹ «Ordbog over Det danske Sprog» udgivet af Det Danske Sprog- og Litteraturselskab, 2. bandet, (København 1920).

² «Ordbok ofver Svenska Språket» utgifven af Svenska Akademien, 3. bandet, (Lund 1906).

måten i mykje vidare strom enn dei vert no.¹ Her i bygdene har folk halde på b   ordi i den opphavlege tyding. Men andre stader brukar dei no ordet basse t. d. om eit stort og trivelegt dyr og ordet b  ssa om ei stoppa puta under ein sal eller sele. Men fr   fyrst av m   ein basse der og ha vore ei tjukk grastorva og ei b  ssa ei ekstra seig grastorva. B  ssa i tydingi puta under ein sal er difor noko sekund  rt; men av denne tydingi kan ein skj  na at dei b  de her i landet og i Sverige har brukt seige grastorver til salsunderlag p   same m  ten som p   Island.

HAR HER VORE EIN ELDRE KLYVJESAL?

I tidsskriftet «Rig» 1931 har Ragnar Jirlow skrive om «En lapsk kl  vsadel och dess ursprung». Han fortel der om ein klyvjesal som samane brukar p   reinsdyr. Det er to litt bogne og kring 40 cm lange fj  ler som er s  leis tillaga at dei kan setjast saman i endane, s   dei st  r i vinkel til einannan.² Fig. 18. Det er eit noko avlangt hol eit stykke fr     vste enden i den eine fj  li og eit hovud og hals i enden p   den andre. Dette hovudet er sett inn i holet, s  leis at halsen st  r




Fig. 18. Samisk klyvjesal for reinsdyr. Historisk Museum — Universitetet i Bergen, E 2035 I. 52,5 og 52 cm lange.

Foto: Historisk Museum.

¹ Ein 70   r gamal mann som er oppvaksen i Hjelme herad — p     yane nordvest i Nordhordland — fortel at der brukte dei b  de ordet basse (ein) om ei grastorva og uttrykket bassa t  . Han fortel at dei gamle og kunne kalla ein basse for torvgalte (ein).

² I «Studia Septentrionalia» V (1953) s. 103 — 114 har Hans J. Henriksen skrive om den samiske klyvjesalen og m  ten han vart brukt p  . Han seier at fj  lene er 19—23 tumar lange, d.v.s. 50—60 cm (derav toppane 2—3 tumar) og 7—8 cm breie p   det breiaste.

Truleg er 40 cm i «Rig» 1931 ei misprenting for 50 cm, for til illustrasjonane hj   Jirlow er det oppgjevne at salsfj  lene er 515, 560 og 460 mm.




Fig. 19. Færøysk klyvjesal. Göteborg Museum. Teikning av Stig Rydén. Frå Ragnar Jirlow: «En lapsk klövsadel och dess ursprung». I «Rig» 1931 s. 92, fig. 5—6.

i holet, og hovudet gjer at det ikkje går or. Hovudet er så langt at det er jamhøgt med den andre fjøli. Denne salen set dei over ryggen på reinen med ei fjøl på kvar sida. I nedre enden på fjølene er det hol til kvidgjord som vert spent under reinen. Dei øvre endane er tilspissa og står opp som to små horn. På desse endane hengjer dei kløvi. Det heiter at samane kallar salen «svakah». Sjølv kallar Jirlow salen for klyvjetre, «klövjeträn».

På Færøyane og Shetland, fortel Jirlow, har dei heste-klyvjesalar av same typen som den samane brukar, berre med den skilnaden at der på øyane er det sett ei fjøl på tvers under kvar av dei fjølene som går i vinkel over ryggen. Det er for at bereflaten skal verta større. Fig. 19.

Ut frå dette dreg så Jirlow den slutning at opphavleg har dei i Norden brukt ein klyvjesal liknande den samane brukar, og at samane i den tid har teke etter og har brukt salen på reinsdyr. I eldre folkevandringstid kom den seinare salen med to sveittafjøl og to brugder til Sverige, den salen som ein kjenner i store partar av Asia og Europa. Denne typen fortrengde langsamt den gamle salen. På 800-talet, då Færøyane og Shetland vart busette frå Noreg, må den gamle salstypen framleis ha vore vanleg i Noreg, men då kanskje med sidefjøl på tvers av dei fjølene som gjekk over ryggen; og salen må ha kome til Færøyane og Shetland med nordmennene.

Som eit anna prov på at den gamle klyvjesalen er komen til Færøyane frå Noreg, nemner Jirlow at dei brukar same namnet på klyvjesal i Noreg og på Færøyane: Gamalnorsk klyfberi, nynorsk klyvbar og færøysk klyvberi (uttalast klibbari).

Når eg fortel dette frå Jirlow så utførleg, kjem det av at det er grunn til å tru at dei på Vest-Karmøy har brukt denne eldste, norske klyvjesalen fram imot vår tid.

Ein mann frå Liknes i Åkra fortel etter bestemor si som døydde i 1903 87 år gamal, at før klyvja dei torv i klyvjekassar som dei hengde opp i «kløvtrednå». Det var to «kløvtrær», sa bestemori, og dei var forma etter hesteryggen. Klyvjekassane, som dei hadde torvet i, hang på endane av kløvtrei, sa ho, og ein brukte kvidgjord på kløvtrei. Kassane var ikkje meir fastgjorde enn at ein kunne letta dei av kløvtrei når ein kom heim med torvet. Kvinnfolk og klyvja torv; men dei måtte ha eit mannfolk med seg når dei kom heim og skulle taka kassane av, for dei var så tunge. Dei tok av ein kasse om gongen, og kløvtrei var så fastgjorde at den eine kassen kunne hanga på hesten medan dei tok ned den andre. Kløvtrei brukte dei berre til å klyvja på. Dei kunne ikkje rida på kløvtrei.

Ein mann frå Ferkingstad i Skudenes — fødd 1896 — sa at kløvtrær var eit krosstre som dei la over hesten. Far hans hadde fortalt det. Han hadde og sagt at det var krokar på kløvtrei, og på krokane hengde dei høybørar og lyngbørar. Det må ha vore dei øvste endane på kløvtrei faren har kalla krokar.

Elles har eg råka mange på Vest-Karmøy — frå Skudenes i sør og til Torvastad i nord — som kjenner ordet kløvtrær og veit at det var ein klyvjereiskap. Ordet er såleis kjent på heile Vest-Karmøy, serleg i Skudenes og Åkra. Ein mann frå Torvastad, f. 1915, sa at då han var gutunge, brukte dei ordet kløvtre til skjellsord. «Du ditt gamla kløvtre» kunne dei seia.

Alt det som dei to mennene frå Liknes og Ferkingstad fortalde, høver svært godt på ein klyvjesal av det slaget dei brukar på Færøyane; men det høver ikkje på dei kombinerte klyvje- og ridesalane som har vore nytta her.

For det fyrste er det dette med *to* kløvtrær, og når det vidare heiter at klyvjekassane hang på endane av trei, så kan ein ikkje på nokon måte få det til å høva på den vanlege salen. Heller ikkje det at det var eit krosstre, og at det var endar (krokar) til å hengja kløvi på, høver med den vanlege salen her, men det er typisk for den samiske og den færøyske salen. At ein ikkje kunne rida på kløvtrei, høver heller ikkje på

den vanlege salen her. Det høver heller ikkje at dei kunne letta av den eine klyvjekassen medan den andre hang att på hesten. På den kombinerte klyvje- og ridesalen hang både klyvjekassane etter same børatoget, og ein måtte difor taka ned både kassane på ein gong. Derimot kunne dei taka ned ein kasse om gongen av dei klyvjesalane som er vanlege elles i landet, dei med innskorne eller påsette krokar. Men det er ingen grunn til å tru at det var ein såvoren sal dei hadde hatt på Vest-Karmøy og kalla kløvttrer.

Mannen frå Liknes fortalde elles at då han voks opp, hadde dei ein vanleg tresal heime på Liknes. Men den brukte dei til ridesal, sa bestemori, og det var ikkje den ho kalla kløvttrer. Den kalla dei mannfolkesal i motsetning til kvinnfolkesal. Bestemori fortalde at dei brukte salen når dei reid til kyrkje. Den tiande sundagen etter triening var det fast skikk å rida til hovudkyrkja, Falneskyrkja, sa ho, og då var det om å gjera å ha reimar og alt i god stand; for på heimvegen skulle dei kapprida.¹ Det var berre ein og annan som hadde ridesal av ler. Til Falnes reid dei den gamle Prestavegen over fjellet.

* * *

Eg skjønar ikkje anna enn at kløvtrei på Vest-Karmøy må ha vore ein klyvjesal av same eller liknande type som klyvjesalane på Færøyane og Shetland og hjå samane i Finnmark. Kløvtrei må med andre ord ha vore eit relikte etter den eldgamle klyvjesals-typen som ein elles ikkje har funne i heile Skandinavia anna hjå samane, den som Ragnar Jirlow på grunnlag av sine granskingar har resonert seg til må ha vore den vanlege salstypen her på 800-talet.

* * *

Professor Nils Lid fortalde meg sumaren 1957 at denne salen og finst på vestkysten av Spania. Det tyder på høg alder og stor utbreiing i gamal tid.

¹ I Skåre var det i gamle dagar vanleg å rida til Sveikyrkja den tiande sundagen, og då var det kappriding. Dei kalla denne ridninga til Sveikyrkja for sveipløs (eit). Frå Etne reid dei til Ølen ein sundag på ettersumaren heilt til kring 1890. Seinare kørde dei. I Ølen reid dei til Etne og Vats. Dei kalla det kyrkjepløs. Jfr. verbet pløsa = springa, spøna, renna, farta til unyttes.

Seinare skreiv Nils Lid til meg: «Det røynlege er at færøyingar og samar har lånt sin kløvsal frå nordmenn. Den samiske heiter *spakka* i eintal, men rimeleg nok vert ordet vanligvis brukt i fleirtal: spagat (Kautokeino) spagak (Karasjok og Polmak) etc. Ordet kjem av norsk (ein) svige¹ m. i nominativ, rimelegvis lånt i gamalnorsk tid (ikkje før!)».

Gamalnorsk tid reknar ein frå 1050 til 1350.² Har då samane lånt salen og ordet spakka samstundes, vil det seia at den gamle norske klyvjesalen må ha vore i bruk mellom nordmenn i Nord-Noreg i fleire hundre år etter at Vesthavssjøane vart busette på 800-talet. På Karmøy i Sør-Noreg må denne gamle salen ha vore i bruk heilt til dei slutta å klyvja i siste halvparten av fyrre hundreåret. Salen må etter kvart ha kome bort som hestesal i Skandinavia, så han til slutt berre fanst på Vest-Karmøy.

Det må ha vore den kombinerte klyvje- og ridesalen som elles i Karmsund fortrenge kløvtrei, den gamle norske klyvjesalen. Grunnen til det må truleg ha vore at dei kunne både klyvja og rida på den kombinerte. Men kløvtrei må og ha vore tenlege til sitt bruk sidan dei kunne halda seg så lenge på Vest-Karmøy og framleis er i bruk på Færøyane. Ein føremun med kløvtrei framfor den kombinerte klyvje- og ridesalen må det ha vore at kløvi hang fast på kløvtrei og difor ikkje kunne siga skeivt utan at kløvtrei fylgde med, og det kunne dei ikkje godt gjera. Kløvtrei var såleis til god stø for kløvi. Ein annan føremun med kløvtrei var det at ein mann kunne greia å leggja opp kløv på dei på same måten som på den vanlege, serskilte klyvjesalen, medan dei måtte vera to for å leggja kløv på den kombinerte klyvje- og ridesalen. Kløvtrei var og enklare å arbeida.

Tidlegare er det nemnt at når dei i Karmsund ikkje tok i bruk den vanlege, serskilte klyvjesalen, så kom det kanskje av at dei ikkje hadde serleg bruk for han. No vert det naturleg å sjå det slik at ein av grunnane til at dei ikkje tok i bruk den vanlege klyvjesalen, må ha vore at

¹ Ein svige er etter Ivar Aasen: «Norsk Ordbog»: «en bøielig Stængel, Vidie, tynd Kjæp».

² Gustav Indrebø: «Norsk Målsoga» utgjevi av Per Hovda og Per Thorson (Bergen 1951) s. 94.

dei her lengre enn andre stader heldt på kløvtrei og fann seg tente med dei.

Ordet kløvtrer må truleg vera ei forvansking av det gamalnorske ordet klyfberi. Siste halvparten av ordet kan etter kvart ha vorte så slite og endra at folk ikkje har skjønna kva det kom av; og så har det kanskje vorte til trer ved ein — meir eller mindre medviten — freistnad på å finna ei meining med det.

Kløvtrer er elles eit høveleg namn; og som me såg, brukte Jirlow det ordet då han skulle setja eit svensk namn på den gamle salen. Kløvtrer har kanskje vore eit gammalt, lokalt namn.

Det gamalnorske ordet klyfberi må i alle høve ha vore namn på den gamle norske klyvjesalen.¹ Det skjønar me av at dei framleis brukar ordet om den gamle klyvjesalen på Færøyane og andre stader der nordmenn busette seg i vikingtida, og at ein mange stader i Noreg nyttar ordet om den vanlege klyvjesalen.

I M. A. Jacobsen og Chr. Matras: «Færøsk — Dansk Ordbog» (Tors-havn 1927—1928) heiter det: «klyvberi (klibbari) m. (a; ar) Kløvsadel (til Hest), to Stykker Træ, satte korsvis over Hestens Ryg, og paa hvis Ender de to «leypar» el. Kurve hænger».

På Shetland og like eins på Orknøyane heiter det klibber. Ja, til og med på Caithness (Katanes), det nord-austre hyrna av Skottland, heiter det clubber.²

På Island brukar dei ordet «klyfberi» (m.) om ein islandsk klyvjesal som må ha utvikla seg frå den gamle norske klyvjesalen — fig. 16 og 17 — og «klifsöðull» (m.) om ein utanlandsk sal som liknar på den vanlege klyvjesalen.³

¹ I «Mål og minne» 1932 s. 117 ff. meiner G. F. Heiberg at klyfberi i Noreg har vore namn på nokre sjølvvaksne krokar som dei i Sogn klyvja famnaved i. (Same slaget trekrokar er det bilete av frå Italia i Paul Scheuermeier: «Bauernwerk in Italien der italienischen und rätoromanischen Schweiz» II (Bern 1956) fotografi nr. 167; og i Nordiska Museet, Stockholm, er det fleire slike krokar. Alle der er frå Småland, og ein kallar dei «robind».)

² Per Thorson i «Heidersskrift til Gustav Indrebø» (Bergen 1939) s. 287.

³ G. F. Heiberg i «Maal og Minne» 1932 s. 124 og Sigfus Blöndal: «Islandsk — Dansk Ordbog» (Reykjavik 1920—1924) under ordi klyfberi og klifsöðull.

I Sunnhordland og Ryfylke i Noreg nyttar dei ordet om den vanlege klyvjesalen i formi kløbbber eller kløbbør (ein) eller stundom kløvber (ein) (Suldal).¹ Ein kan og høyra sume seia kløbbert (ein).

At ordet her i landet har gjenge over på den nyare — den vanlege — klyvjesalen, er heilt rimeleg og ikkje noko uvanleg språkleg sett. Ordet sal har kanskje kome her til landet med den nye salen, den med sveittafjøler og brugder.²

* * *

Som nemnt, kunne ein ikkje rida på den gamle klyvjesalen, kløvtrei. Ein kunne difor venta at dei hadde ein serskild ridesal den tid dei brukte den gamle klyvjesalen, i tidi før salen med sveittafjøler og brugder kom i bruk.

I osebergskipet — frå 800-talet — fann dei ein ridesal som ikkje var arbeidd med sveittafjøler og brugder.³ Han var av eit elles heilt ukjent slag når ein ser bort frå nokre trestykke som dei tidlegare hadde funne i eit par andre forhistoriske graver. Etter osebergfunnet var gjort, meinte dei at desse trestykki måtte vera restar av ridesalar av same slaget som salen i osebergskipet.

Ein må rekna med at ridesalen av osebergtypen har vorte heilt fortrengd av salen med sveittafjøler og brugder.

På Island heiter mannssal «hnakkur» (m.). Kan henda det var det norske namnet på den gamle ridesalen.

KLYVJEKASSAR OG TORVKASSAR.

I Karmsund-bygdene har dei brukt grindkassar til å bera og klyvja torv i og anna. Dei kassane som ein bar på ryggen, kalla ein torvkassar, og dei ein klyvja i, klyvjekassar. Det heiter ein klyvjekasse og ein torv-

¹ I Suldal er det og sume som seier kløvbera (ei). På ein auksjon i Etne den 5/4 1819 vart det m. a. selt «2 Mejser med Kløvbør». Auksjonen var etter avlidne sokneprest Børressen.

² I Gardsmarki i Skåre, på høgaste fjellet Orkjå, er det ein berghomp som heiter Sødl, av det gamalnorske ordet söðull, sal.

³ «Osebergfunnet» II (Oslo 1928) s. 246—248 med fig 157.




Fig. 20. Klyvjekasse frå Syre i Skudenes. 50 cm lang, 38 cm brei, 42 cm høg. Museet i Haugesund.

kasse.¹ Ein sjeldan gong kan ein på Karmøy høyra folk seia ein torvkass. Klyvjekassane var noko større og sterkare enn torvkassane, fortel dei, men stundom klyvja dei i torvkassar og.²

Klyvjekassane og torvkassane var arbeidde med fire hyrnestolpar, kassastolpar,³ og med sider og endar av rimar, spiler, som var innfelde i stolpane og fastsette med trenaglar. Botnen kunne vera trespiler innfelde i dei nedste enderimane eller tunt

tog som var bunde i store moskar. Det hende og at dei hadde snøre i sider og endar, mellom øvste og nedste rimen, men det var sjeldan.⁴

¹ I Karmsund og truleg på storparten av Vestlandet brukar dei ordet ein kasse og den kassen om det som på nynorsk berre skal heita ei kasse og den kassa.

² I museet i Haugesund er det berre ein grindkasse — frå Syre i Skudenes — som er oppgjeven å vera klyvjekasse. Den er mindre enn ein vanleg torvkasse. Fig. 20.

³ På Bremnes kunne dei seia om ein mann som det hadde gjenge utføre med økonomisk: «Da vart ein go' kassastolpe».

⁴ Etter Knud Leem: «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» hadde dei i Avaldsnes i den tid torvkassar arbeidde av to tunneband med moskar av tvinna bast imellom.




Fig. 21. Torvkasse med børtog, frå Sørstokko i Stangaland. 73 cm lang, 41 cm brei, stolpane 48 cm høge. Museet i Haugesund.




Fig. 22. Torvkasse frå Buavik i Skjold. 63 cm lang, 42 cm brei, stolpane 45 cm høge. Museet i Haugesund.

Det var om å gjera at kassane var så lette som rådvær. Men samstundes måtte dei vera så sterke at dei ikkje brotna sund når ein brukte dei.

Det vanlege i Karmsund var at det var 3 eller 4 spiler i sidene på torvkassen og like mange i endane. Stundom var det 5. Fig. 21, 22 og 23.

Sume bar det turre torvet i torvkassar or myri og opp på land, så ein kunne køyra det vidare, «bar fram»,

som det heiter,¹ eller dei bar det inn i eit torvhus attmed myri. Andre, serleg dei som ikkje hadde hest, bar torvet heilt heim. Dei som hadde hest men ikkje hadde køyrande veg til torvmyri, klyvja torvet heim eller fram til køyreveg.

¹ Til å bera fram torv på var det og vanleg å bruka ei båra, «torvbåra», som to mann bar. Det var to lange stenger eller armar med nokre smale og tunne fjøler tversover på midten. Mellom desse fjølene var det ope rom for at båra skulle vera lett.

Frå Lier i vestre Vikebygd, Sunnhordland, er det fortalt om ein kombinasjon av torvbåra og torvkasse. Ein mann, f. 1891, fortalde at då far hans i 1901 kjøpte eit lite gardsbruk på Lier, var der ei torvbåra som det var grindar på. 4 hyrnestolpar var fastsette på båra, og i desse var



Fig. 23. Torvkasse med spiler til botn. 70 cm lang, 45 cm brei, stolpane 62 cm høge. Museet i Haugesund.

Torvkassane brukte dei og til å mæla torv i. Ein mann frå Tuastad i Avaldsnes fortalde at kring 1900 kjøpte far hans torv hjå ei granne-kona. Ho mælte torvet i ein torvkasse og tok 25 øre kassen. I Bokn rekna dei fire kassar torv i ei kjerra og tolv kjerrer i ein famn. Dei selde torv til vestre Rennesøy. I ein halv famn var det 24 kassar, og gav dei 25 kassar, var dei trygge på at det var nok.

I den styrste torvkassen på museet i Haugesund — fig. 23 — er det botn av trespiler. Mælt inni er kassen 66 cm lang, 42 cm brei og 50 cm djup, d.v.s. at akkurat jamtrøma tek kassen 138,6 liter. Det svarar svært nøye til $\frac{1}{48}$ av ein kubikkfamn. Ein kubikkfamn er 6668 liter, og $\frac{1}{48}$ er 138,917. Kassen kunne såleis godt brukast til å mæla torv i. Ein skal og vera merksam på at ei tunna som mål er 138,974 liter. Kassen tek såleis ei tunna.

Når dei brukte ein torvkasse til mål, må dei ha fylt han jamtrøma. Men når dei bar torv, hadde dei kassen haugroka.

Klyvjekassane og torvkassane er no så å seia bortkomne i Karmsund. Det er vanskeleg å koma over ein. Berre ein og annan av gamle folk kan minnst at dei klyvja torv, men det er mange som minnest at dei bar torv i torvkassar og som har vore med på det.

Utanom Karmsund kjenner eg til at dei har brukt torvkassar i Sveio, Vikebygd, Valestrand, Bømlø, Moster, Bremnes, Fitjar, Stord og Ølen i Sunnhordland,¹ i Austevoll, Sund og Fjell i Midhordland og i Dalane i Sør-Rogaland. Alle stader kallar ein dei torvkassar.² På Dalane Folke-museum, Eigersund, er det eit par slike kassar som visstnok har vore

det felt inn spiler til sider og endar, 4 spiler i kvar sida og 4 i kvar ende. Båra var fint arbeidd, og på toppen av kvar hyrnestolpe var det tillaga ei kula med hals. I denne båra bar dei torvet frå myri og opp under «Torvhilleren» der dei lødde torvet opp.

¹ I Ølen var dei lite brukte. Der har eg berre høyrte om to husmenn — ein på Innboja og ein på Dørheim — som bar torv i torvkasse.

² I dei indre bygdene i Karmsund — Tysvær, Skjold og Vats — og i Sveio i Sunnhordland kalla dei stundom torvkassane for meisar (ei meis). Men der kalla dei og sledekarmane for meisar. Sjå «Museet i Haugesund, 10-årsmelding 1925—1935 og avhandlingar om vestnorsk kultur» s. 91. Ein gamal mann frå Hagland i Skåre kalla og ein torvkasse for meis. Sjå og Chr. Vidsteen: «Ordbog over bygdemaalene i Søndhordland» under ordet meis.

brukte til å klyvja i. Museumsstyrar I. Mehus skreiv til meg at dei vart nytta til transport av torv, at ein kalla dei torvkassar, men at dei er borte no. På Lyse i Forsand herad, Ryfylke, brukte dei så seint som i 1910 grindkassar til å klyvja i. Lysebuen klyvja mat og utstyr til engelskmenn som var på reinsdyrjakt i Lyseheiane.

I Bremnes og Fitjar, Sunnhordland, har torvkassane vore svært vanlege, og det hender der at dei brukar torvkassar framleis. Men det har minka mykje på torvspading og torvkassar der også etter fyrste verds-krigen og serleg etter at dei fekk elektrisk straum i 1952/53.

På Bremnes (og truleg elles og på øyane i Sunnhordland og Midhordland) var torvkassane ofte høgare og smalare enn i Karmsund og tok mindre. Bremnesingane reknar med 60 kassar i ein famn torv. Ein torvkasse med spiler til botn frå Svortland, Bremnes, no på museet i Haugesund, fig. 24, er, målt inni: 61,25 cm lang, 32 cm brei og 56,75 cm djup. Kassen tek såleis 111,23 liter, og det svarar til 60 kassar i ein kubikkfamn. Nøye rekna er $\frac{1}{60}$ av 1 kubikkfamn 111,134 liter. I kvar sida og kvar ende på kassen frå Svortland er det 5 spiler og i botnen 3 spiler. Det var regel på Bremnes at det skulle vera 5 spiler

i sidene og 5 i endane. Stundom var det 6. Fig. 25.




Fig. 24. Torvkasse med sjølvfatlar, frå Svortland i Bremnes. 65 cm lang, 36 cm brei, stolpane 66 cm høge. Museet i Haugesund.

I Karmsund og på fastlandet i Sunnhordland bar dei torvkassane på børtog, børtog med hégl (hogold) i bukti. Fig. 7. Dei la børtoget kring kassen og trødde endane igjenom hegli som dei la oppe på baksida av kassen. Hegli måtte ikkje koma for langt fram i nakken. Så smøgde dei armene under børtoget på framsida av kassen, ein arm

under kvar part av det duble børatoget, slik at dei fekk fatlane over akslene. Endane av børatoget tok dei fram over eine aksli og heldt fast i det med nevane. Då hang kassen godt og støtt på ryggen. Fig. 21.

På øyane i Sunnhordland og Midthordland har dei derimot hatt fatlar i torvkassane. På Moster og Stord i Sunnhordland bar dei likevel stundom torvkassane på

børatog. På fastlandet i Sunnhordland var det og sume som brukte fatlar. I Karmsund har eg berre høyrte at dei bar torvkassar i fatlar på Haraldseid i Skjold, nær Sunnhordlandsgrensa.

I Sunnhordland har dei to slags fatlar: Sjølvfatlar og dragfatlar eller kipefatlar. Sjølvfatlane går i bukt innom eit tverrstykk midt på innsida av dei øvste spilene på framsida av torvkassen. Sjå fig. 24. Fatleendane går inn i to navarshol i den botnespili som er nærmast ryggen, og så set dei knutar på endane. Stundom går endane inn i to hol i nedste sidespili. For å kunna regulera storleiken på fatlane etter storleiken på han som skal bera, skjer dei ikkje toget av innmed knutane, men let det vera ein liten ende att. Den kassespili som det er hol i til fatlane, er noko tjukkare og breiare enn dei andre spilene. Er denne spili like tunn og smal som dei andre, set dei ikkje hol men bind fatleendane kring spili. Fig. 24.

Når dei brukar dragfatlar, kipefatlar, på torvkassen, har dei og eit tverrstykk på innsida midt på dei øvste sidespilene; men då er det to navarshol jamhøgt i tverrstykket. Summe brukar ikkje tverrstykket, men har to hol i den øvste spili. Fig. 25. Dei trær fatleendane ut gjennom desse holi og vidare inn i holi i botnen eller i nedste sidespili og set knutar på endane. Desse fatlane er mykje lengre enn sjølvfatlane. Bukti




Fig. 25. Torvkasse med dragfatlar, frå Steinsvåg i Bremnes. 59 cm lang, 46 cm brei, stolpane 60 cm høge. Museet i Haugesund.

tek dei over øvste sidespili og fram over aksli, og så held dei i bukti med nevane samstundes som dei trær armane inn under fatletoget framom kassen. At dei kallar desse fatlane dragfatlar, må koma av at dei dreg fatlane til med nevane. At dei kallar dei kipefatlar, kjem av at dei brukar dette slaget fatlar på kipene og. Sjølvfatlane må ha fått namnet sitt avdi dei greier seg sjølv utan at ein held i dei.

I kipene er fatlane og festa i to hol i botnen. Så stikk dei bukti av toget inn under haldet øvst på framsida av kipa, tek tak i bukti med nevane og trær armane under fatletoget framom kipa.

Med dragfatlar bar dei torvkassen eller kipa omlag som på børsatog, men likevel slik at toget ikkje gjekk over kassen eller kipa. Anten dei brukte sjølvfatlar eller dragfatlar, kunne dei difor tømme torvet fram over hovudet utan å taka av seg kassen eller kipa. Når dei med det same skulle gjera ei venda til, og torvet ikkje var så møyrt at det slo seg sundt, tømde dei ofte på denne måten. Hadde torvet lett for å gå sundt, eller skulle dei ikkje etter meir torv, tok dei torvkassen av seg og tømde han. Anten kvelvde dei torvkassen, eller dei pitla torvene or med nevane. På same måten gjorde dei når dei bar i kipa og.

Når dei brukte fatlar, trykte torvkassen eller kipa på nedste parten av ryggen. Difor hengde dei stundom ei sekkeputa nede på framsida av kassen eller kipa for å liva på ryggen. Dei trong det når dei skulle bera torv heile dagen. Elles var torvkassane så lause at dei forma seg ein grand etter ryggen når dei ikkje var for tett pakka.

I Karmsund bar dei kipene og på børsatog på same måten som torvkassane; men det var berre når dei hadde ei tung børs i kipa. Helst bar dei kipa etter ein tamp over aksli. «Dei bar kipo på hen(g)jo», som han sa ein mann frå Bua i Sveio. Tampen var fastsett i det eine haldet.

Det at dei i Karmsund bar torvkassane på børsatog, medan dei på øyane nordom bar dei i fatlar, må vera grunnen til at torvkassane i Karmsund ofte var breiare og lågare og tok meir enn dei på øyane nordom. For eit børsatog kring kassen held han saman. Ei tung børs røyner då ikkje så mykje på kassen som når dei ber han etter fatlar, og ein smal kasse greier seg betre med fatlar enn ein brei.

Ein eldre bremnesing fortalde at kvinnfolki gjekk og spøta når dei bar torv. Då måtte dei bruka sjølvfatlar for å ha hendene fri. Det vanlege var at dei spøta når dei bar tom torvkasse; men dei kvinnfolki som det

var mest tak i, spøta og når dei hadde full torvkasse på ryggen, sa han.

Borni og måtte vera med og bera torv. Dei bar gjerne i kiper, for kipene tok mindre enn torvkassane. Elles hende det at vaksne folk og bar torv i kiper. Dei styrste kipene, femskjeppeskipene, tok ein hektoliter. Ein mann frå Lykling i Bremnes fortalde at han minstest godt då han var så stor at han kunne bera torv i femskjeppeskipa.

Forutan torv bar dei butare,¹ gras, småhøy, hå og potetkål i torvkassar, likeeins smålyng som dei slo eller skar til kyrne,² og helma som dei raka av åkrane om haustane og brukte til underbreisla. Når dei bar slike ting i torvkasse, stappa dei kassen godt for å få mest mogeleg oppi. Difor kunne dei ikkje tømme det over hovudet sjølv om dei brukte fatlar. Dei måtte setja kassen frå seg og riva det or.³ Rot som dei hogde sund i torvmyri, bar dei og stundom heim i torvkasse, og det hende at dei bar fisk når han var så stor at han ikkje datt ut mellom rimane.

Ein gamal mann på Bremnes hadde så seint som under siste krigen forutan torvkassar også ein grindkasse til å bera fisk i når han hadde vore på sjøen og fiska, og ein til å bera krambuvarer i. Torvkassane brukte han og til å bera høy og fenadlyng i, og i fiskekassen bar han også garn, annan fiskereiskap og nista når han skulle på sjøen. I torvkassane var det fatlar, men dei andre to bar han etter ein tamp over aksli.

Før dei fekk sekker, lyt ein rekna med at dei nytta torvkassar og klyvjekassar til mange andre ting enn folk no kan minnast, t. d. til å bera og klyvja ull i når dei rua smalen i marki om sumaren. Ein mann frå Nedstrand fortalde at der klyvja dei ulli heim i sekker då han voks opp.

* * *

På Færøyane og på Island har dei og brukt grindkassar til å bera og klyvja i. Kassane der er arbeidde på same måten som dei norske med fire hyrnestolpar («studlar») og med sider og endar av rimar som er innfelde i stolpane. Botnen er og av rimar.

¹ D.v.s. eit tareslag som dei gav kyrne.

² Fena(d)lyng, sa dei på Bremnes.

³ Stor lyng som dei brukte til elding, og vanlegt høy bar dei på børtog når dei ikkje køyrde. Småhøy, hå og smålyng var det vanskeleg å bera på børtog.




Fig. 26. Færøysk torvkasse, «leypur». Frå Jóhannes av Skarði: *Føroyski leypurin* fig. 8 b, i «Fróðskaparrit» 4. bok.

Dei færøyske kassane er som regel kvadratiske og såleis kortare enn dei norske. Rimane er helst breiare og står tettare saman. Sjå fig. 26. Etter «Fróðskaparrit» 4. bok s. 36 tek dei styrste færøyske grindkassane som dei ber på ryggen, 94,3 liter. Men folk har og høyrð om grindkassar på ei tunna. «Fróðskaparrit» 4. bok s. 58 og 5. bok s. 109.¹

På Island er grindkassane avlange — rektangulære —, og rimane er smale, så kassane er meir like dei norske. Sjå fig. 27, 28 og 29.

I vår tid har det vorte slutt med bruken av grindkassar på Island, og dei held på å verta sjeldsynte på Færøyanne og.

På Færøyanne var det fyrst og fremst turt torv dei bar og klyvja i desse kassane, men dei brukte dei og til mange andre ting, såleis til møk, fisk, tare, høy og ull.² Der har dei og brukt grindkassar til mål, serleg til å mæla torv i, men og andre ting som høy, tare og notsei.³

Ein ting som færøyingane skilde seg ut med, var måten å bera kassane på. Dei bar dei korkje

¹ I «Fróðskaparrit» 4. og 5. bok (Tórshavn 1955 og 1956) har Jóhannes av Skarði skrive om «Føroyski leypurin» og gjeve utførleg greia om dei færøyske grindkassane som dei bar på ryggen.

² «Fróðskaparrit» 5. bok (1956) s. 119—133.

³ «Fróðskaparrit» 5. bok (1956) s. 112—114 og 129.




Fig. 27. Islandsk høymeis, «meis», «laupur». Þjóðminjasafns Íslands, Reykjavík. 50 cm lang, 34 cm brei, stolpane 42 cm høge. Foto: Nasjonalmuseum, Reykjavík.

etter børatog, som i Karmsund, eller etter fatlar over akslene, som t. d. på øyane i Sunnhordland og Midhordland. Dei bar kassane etter eit band, «fetil», over øvste parten av skallen.¹ Bandet var festa i dei to fremste hyrnestolpane. Fig. 26.

På Island hadde dei ein liten grindkasse til å bera høyr i til krøteri frå løda til fjøs, stall og smalehus. Fig. 27. Dei bar kassen i handi eller under armen eller — om det var ein ekstra stor kasse — etter ein tamp over aksli frå den øvste rimen.² Møk og torv derimot klyvja dei.³

Dei kassane som dei klyvja møk i på Island og som dei bar og klyvja møk i på Færøyane, var stundom arbeidde av fjøler istadenfor rimar, så kassane var omlag tette; men ofte brukte dei og grindkassar. Fig. 28 og 29.




Fig. 28. Islandske møk-klyvjekasse, «kláfur», «laupur», med rimar og med botn som kan sleppast ned. Þjóðminjasafn Islands, Reykjavík. 55 cm lang, 37 cm brei, stolpane 53 cm høge.

Foto: Nasjonalmuseum, Reykjavík.




Fig. 29. Tett islandske møk-klyvjekasse, «tað-kláfur (laupur)» med botn som kan sleppast ned. Frå Jónas Jónasson: «Islenskir þjóðhættir» (1945).

¹ «Fróðskaparrit» 5. bok (1956) s. 115—118.

² I Karmsund og Sunnhordland kan og ein og annan fortelja at då dei voks opp, brukte sume torvkasse til å bera høyr i til smalen. Det vanlege var at dei i Karmsund og Sunnhordland brukte kipa til det. Sjå s. 81. Kipa eller torvkassen bar dei då på same måten som på Island. I kipa var tampen fastsett i haldet.

³ Etter opplysningar frå museumsdirektør Kristján Eldjárn, Reykjavík.




Fig. 30. Møk-klyvjekassar med botn som kan sleppast ned. Norsk Folkemuseum, Bygdøy, Oslo. 71 cm lange, 28 cm breie, 52,3 og 54 cm høge.

Foto: Norsk Folkemuseum.

I dei færøyske og islandske klyvjekassane — og stundom og i dei kassane som dei bar møk i på Færøyane — var det laus, tilhengsla botn, så det var berre å sleppa ned botnen når dei skulle tømme kassane.¹ Fig. 28 og 29. På denne måten tømde dei serleg møk, men og torv og andre ting.

I Noreg har dei og brukt tette kassar med fallbotn til å klyvja møk i. Norsk Folkemuseum, Bygdøy, har såleis eit par tette klyvjekassar med fallbotn til klyvjing av møk. Fig. 30. På Dei heibergske samlingar på Amla i Sogn har dei eit par slike klyvjekassar frå Hardanger. På Dei heibergske samlingar er det dessutan eit par ovale møk-klyvjelaupar av lindebork med fallbotn. Fig. 31. Dei er frå Kyrkjebø i Sogn. I Kristoffer Visted — Hilmar Stigum: «Vår gamle bondekultur» I (Oslo 1951) s. 153 heiter det frå Kyrkjebø om møkklyvjing at dei brukar klyvje-

¹ Sjå «Fróðskaparrit» 4. bok (1955) s. 46 og s. 58 og 5. bok (1956) s. 125, Daniel Bruun: «Hesten i Nordboernes Tjeneste» s. 80, E. Dagobert Schoenfeld: «Das Pferd im Dienste des Isländers zur Saga-Zeit» s. 27, Sigfus Blöndal: «Islandsk-Dansk Ordbog» under ordi «hrip» og «kláfur», Jacobsen og Matras: «Færøsk-Dansk Ordbog» under ordet «loypa» og J. Chr. Svabo: «Indberetninger fra en Reise i Færøe 1781 og 1782» (København 1959) s. 140 og Tab. X fig 7.




Fig. 31. Møk-klyvjelaupar av lindebork med trebotn som kan sleppast ned. Frå Kyrkjebø i Sogn. Dei heibergske samlingar, Amla, Sogn. Foto: Heibergske samlingar.

kassar der dei klyvjar, eller laupar av lindebork med laus botn.

Ein klyvjekasse eller klyvjelaup med tilhengsla botn feste dei til salen berre i den sida som snudde til hesten. Dei kunne ikkje bruka børsatog eller anna tog som gjekk kring kassen eller laupen, for då ville dei ikkje kunna sleppa ned botnen.

I Karmsund køyrde dei ut møki, og eg har ikkje høyrte at dei nokon gong har klyvja møk. Heller ikkje bar dei ut møki. Eg har berre råka ein mann i Karmsund som hadde høyrte at i gamle dagar bar dei ut møki. Han var frå Hemnes i Skudenes og var fødd i 1868. Mange stader i Vest-Noreg har dei derimot bore ut møk. Dei bar møki i kiper. Til og med på Jæren og Lista kan ein minnst at folk som ikkje hadde hest, bar ut møki i kiper. Det gjorde dei og på Bremnes og andre stader i Sunnhordland og like eins mange stader i Midhordland og Nordhordland og i Sogn og Fjordane. Men på Bremnes bar dei og møk på ryggen i ein kasse som dei kalla kjessa (ei), møkekjessa. Det var ein eldre reis-skap til å bera møk i enn kipa, og det vart heilt slutt på kjessene i førre hundreåret. Ein mann frå Svortland på Bremnes, fødd i 1865, fortalde at kjessene var omlag tette. I sidene var det vassrette fjøler, og dei stod kant i kant; men i endane, gavlane, var det ei brei fjøl på opp og ned.

Inne i kvart hyrna var det ein trikanta stolpe til å nagla fjølene i. Botnen var og av ei fjøl så brei som kjessa. Botnafjøli var tilhengsla framsida på kjessa med tog, såleis at dei kunne sleppa botnen ned når dei kom fram til åkeren, og lata møki detta or. Kipene derimot tømde dei over hovudet. Kjessebotnen vart halden oppe med eit tog som var festa i eit hol midt på baksida av botnafjøli. Toget gjekk bakom og over kjessa og over aksli på han som bar; og han måtte halda godt til, så ikkje noko av møki skulle detta or på vegen. Når han skulle tømme, slepte han toget. For å få or den møki som hang att i kjessa, gjorde han eit par kraftige rykk i toget og banka botnen opp i kjessa, og så tømde han det som datt ned.

I kjessene var det fatlar, sjølvfatlar. Oppe på framsida av kjessa var det to jamhøge hol ikkje langt frå einannen. Fatleendane gjekk ut gjennom desse holi og deretter inn i to hol i nedste fjøli. På innsida der sette dei knutar på toget. For at stykket mellom dei to øvste fatleholi ikkje skulle brotna ut, sette dei på innsida eit trestykke på opp og ned mellom desse to holi. Bukti på fatletoget gjekk då innom dette trestykket¹. Skulle dei kunna tømme møki utan å taka av seg kjessa eller kipa, var det naudsynt å bruka fatlar.

Ein mann frå Hallaråker, Bremnes, fødd 1877, kunne og minnst at dei bar møk i kjessa, og ein annan frå Hallaråker, fødd i 1889, fortalde at då han voks opp, hadde han sett kjesser med botn som kunne sleppast ned, men han kunne ikkje minnst at dei hadde vore i bruk. Ein frå Skimmeland i Moster hadde høyrte at i gamle dagar bar dei møk i kassar med laus botn.

Bruken av fallbotn må vera utgamal og må ha vore mykje utbreidd. Såleis kan nemnast at dei brukar fallbotn når dei klyvjar møk i Italia. I andre bandet av Paul Scheuermeier: «Bauernwerk in Italien der itali-

¹ Frå Ulvavoll i Vikedal, Ryfylke, har museet i Haugesund ein mindre kasse til-laga til å bera på ryggen. Kassen er tett med hyrnestolpar og fast botn. Fatlane er borte, men midt oppe på framsida er det eit avlangt hol med eit trestykke tvers over på innsida, såleis at det er hol i kassen på kvar sida av trestykket. Det er klårt at fatlane har gjenne innom dette trestykket og ut gjennom holi. Nede på kassen har fatlane vore festa i to strengingar som gjekk gjennom to hol i framsida og to til-svarande hol i botnen. Kassen hadde visstnok vore brukt til å bera varer i, og det hadde vore lok på han.

enischen und rätoromanischen Schweiz» (Bern 1956) s. 119 og s. 120 er det fortalt at dei i Italia klyvjar møk i ymse slag ilåt med fallbotn. Dei brukar fletta korger, runde høge pøsar, firkanta (rektangulære) tette kassar, halvrunde tette kassar og firkanta (rektangulære) grindkassar med spiler på opp og ned og der dei to ytre hyrno på kvar kasse er litt avrunda. I boki er det bilete av slike ilåt på fig. 275 og fotografi nr. 176, 177, 180 og 181.

* * *

På færøysk heiter torvkasse «leypur» (m.), fleirtal «leypar», og klyvjekasse heiter «rossleypur» (m.). Der har dei mange slags «leypar» og serskilt namn på kvart slag. Så å seia alle namni er samansette med ordet «leypur».¹ Laupane har helst namn etter det dei vart nytta til, såleis «torvleypur» og «fiskaleypur», men og etter storleiken, som «hálvttunnuleypur» og «fimm-skeppuleypur». Ei tunna er 144 potter (= 138,974 liter) og ei skjeppa 18 potter² (= 17,372 liter). «Fimm-skeppuleypur» tek såleis 90 potter (= 86,859 liter) og «hálvttunnuleypur» 72 potter (= 69,487 liter) = 4 skjepper.

På Island brukar dei ordet «laupur» om ein grindkasse, helst om den litle grindkassen («meis») som dei ber høy i til krøteri. Men i sume landsluter på Island vert «laupur» og brukt om ein klyvjekasse til å klyvja møk i anten han er tett eller grisen, skriv museumsdirektør Kristján Eldjárn, Reykjavík, til meg. Sjå også Sigfus Blöndal: «Islandsk — Dansk Ordbog» under ordet «laupur». Men det vanlege ordet på Island for møk-klyvjekasse er «kláfur» (m.). Ein større grindkasse til å klyvja høy og torv i heiter «hrip» (n.)³.

På norsk har ordet laup (m.) — gamalnorsk «laupr» — vore nytta om ymse slag ilåt. Etter Hans Ross: «Norsk Ordbog» tyder ordet m. a.: «en høi smal af Næver forfærdiget Eske», og etter Falk og Torp: «Etymologisk Ordbog over det norske og det danske Sprog» (Kristiania

¹ «Fróðskaparrit» 4. bok (1955) s. 52—59.

² «Fróðskaparrit» 5. bok (1956) s. 109.

³ E. Dagobert Schoenfeld skriv i «Das Pferd im Dienste des Isländers zur Saga-Zeit» (Jena 1900) s. 25 at islandske «laupar» og «hrip» er fletta korger («geflochtene Körbe»). Men museumsdirektør Kristján Eldjárn skriv til meg at det er eit klårt mistak.

1903—1906) må truleg ordet laup (løb) «egentlig ha betegnet en af bark eller næver lavet beholder».

Om dei i Noreg nokor tid har kalla torvkasse og klyvjekasse for laup, veit eg ikkje. Det kan vel tenkjast at dei har gjort det, iallfall sume stader. Eitt norsk klyvjeilåt heiter i alle høve laup den dag i dag, og det er møklaupen av lindebork i Kyrkjebø i Sogn. I «Syn og Segn» 1944 s. 308 fortel professor S. Hasund at han har fått fat i to møklaupar, ein frå Ullensvang i Hardanger og ein frå Høyanger i Kyrkjebø i Sogn. Den frå Ullensvang var ein firkanta (rektangulær) tett trekasse, men om den frå Høyanger skriv Hasund:

«Det var i bokstavleg meining ein «laup», med di han var laga av eit stort flak lindebork som var bøygt saman til ein oval og tilhengsla ein fallbotn».

Det færøyske ordet «leypur» og det islandske «laupur» er same ordet som gamalnorsk «laupr» og nynorsk «laup» og må vera kome frå Noreg; men på Færøyane og Island har ordet fått særtydingar som det ikkje har på norsk.

* * *

Sjølv om ordet laup i Noreg skulle ha vore brukt om grindkasse, så må ordet ein kass eller ein kasse frå gammalt av ha vore eit vanleg namn på den bere- og klyvjereiskapen det her er tale om. På gamalnorsk heiter det ein kass og ein kassi. Men ein kan ikkje sjå av ordbøkene — korkje dei nynorske eller dei gamalnorske — at ordet har vore nytta om akkurat dei torvkassane og klyvjekassane som me her har føre oss.

Etter Jakob Jakobsen: «Etymologisk ordbog over det norrøne sprog på Shetland» tyder ordet «kassmelt (kass-smelt?)» m. a. «sammenstød mell. to kløvheste, læssede med tørv»; og så heiter det vidare om dette ordet: «Første led synes — — — at være kass i betydning læs, oppakning — — —. Andet led er usikrere — on. smellr, m., smeld, smæk?». Ordet kassmelt skulle såleis tyda samansmell mellom to klyvjekassar med torv i. På Shetland brukar dei ikkje no torvkassar og klyvjekassar av tre. Det er truleg treløysa som gjer det. I staden brukar dei korgar fletta av halm og anna, og ei såvori korg til å bera eller klyvja torv og hevd i, kallar dei «kessi», eit ord som svarar til det norske kjessa og er ei sideform til ordet kass eller kasse. Ein må difor kunna tru at dei på

Shetland brukte ordet kass så lenge dei hadde den opphavlege reiskapen, og det må truleg ha vore grindkassen av tre.

På Caithness (Katanes) i nordaustre Skottland har dei ordet «cassie» om ei korg av fletta halm. Det er og same ordet som gamalnorsk kassi, kass, og det nyare ein kasse eller kass¹.

Ordi kass, kessi, cassie må vera komne frå Noreg til Shetland og nordaustre Skottland i gamal tid.

* * *

Men det er ikkje berre *ordi* leypur, laupur og kass som er komne til Færøyane, Island og Shetland frå Noreg. Sjølv reiskapen, torvkassen og klyvjekassen, må vera komen same vegen. Fallbotnen må og vera komen til Færøyane og Island frå Noreg.

* * *

I tidsskriftet «Rig» 1931, i ei avhandling: «Drag ur färöiskt arbetsliv» skriv Ragnar Jirlow at den færøyske måten i bera «leypur» på, etter eit band over skallen, må ha samband med Dei britiske øyane, medan sjølv berereiskapen tykkjest hanga saman med nordisk kultur. Han skriv vidare: «Den för Färöarna så typiska spjälburden, leypur, kan vara en ur den skandinaviska mesen² utvecklade form». Jirlow kjende ikkje til at me hadde same slags grindkassar i Noreg,³ men han fann likevel samband mellom den færøyske «leypur» og nordisk kultur. Sambandet er, som ein skjønar, meir direkte enn Jirlow kjende til.⁴

¹ Per Thorson i «Heidersskrift til Gustav Indrebø», Bergen 1939, s. 287.

² D.v.s. den flate ryggmeisi som det er fleire slag av.

³ I «Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland» av Chr. Vidsteen heiter det at ordet meis m. a. kan tyda: «let Kasse af Tralværk til at bære Byrder, især Torv, paa Ryggen; Torvmeis». Utanom dette har, såvidt eg kjenner til, dei norske grindkassane — i motsetnad til dei færøyske og islandske — aldri vore omskrivne og har visstnok heller ikkje funnest på noko museum utanom Dalane folkemuseum og museet i Haugesund. Dei har difor vore så å seia ukjende både for målgranskarar, etnologar og museumsfolk.

⁴ Jirlow har (i «Rig» 1931 og «Ymer» 1935) bilete av ei primitiv færøysk ryggmeis som dei brukte til å bera stein på, «grotleypur», og han kjenner dette slaget berre frå Færøyane. Men på Hordaland landbruksmuseum, Stend, er det ei liknande

I tidsskriftet «Ymer» 1935 har Jirlow skrive om «Bärmesen. Ett ålderdomligt bærredskap och dess utbredning.» Der meiner han og (s. 229) at grindkassen er «Mesen utvecklad til låda», og han viser til den færøyske og islandske grindkassen.

Jirlow påviser («Ymer» 1935 s. 233—234) at ryggmeisi i sine primitive former må gå attende til steinalderen, ja, kanskje langt attende i steinalderen. Klyvjemeisi, meiner han, er yngre enn ryggmeisi men skriv seg kanskje likevel frå steinalderen og er kanskje like gamal som klyvjingi. Han byggjer dette fyrst og fremst på utbreiingi av dei ymse slag meisar.

Grindkassen til å bera på ryggen skulle etter dette vera mykje yngre enn ryggmeisi, og på same måten skulle klyvjekassen vera yngre enn klyvjemeisi.

Men det kan vera eit spørsmål om Jirlow har rett når han meiner at grindkassen har opphavet sitt i meisi. Det er rimelegare å tru at opphavet til torvkassen og klyvjekassen — og like eins til den tette møk-klyvjekassen og til kjessa med fallbotn — er å søkja i den ovale klyvje-laupen av lindebork eller i ein borklaup til å bera på ryggen. Laupane av lindebork må vera eldgamle;¹ men det var ikkje alle stader ein kunne finna vyrke til dei. Dei må og ha vore for små til å bera og klyvja lettare ting i, og skulle laupane vera større, ville dei truleg verta for veike. Grindkassen og den tette klyvjekassen kan ha vore løysingi på dei vanskane. Fallbotnen i kjessa på Bremnes, i dei tette møk-klyvjekassane

ryggmeis frå Hosteland i Masfjorden, Nordhordland. Det ser såleis ut til at «grot-leypur» og er komen til Færøyane frå Noreg.

Ein annan reiskap som Jirlow (i 1931) berre kjende frå Færøyane, er vel kjend på våre kantar. Det er det som me kallar forsynkrokar — «forsyne-krokar» — og som på færøysk heiter «teymaspjaldur». Her i bygdene har dei brukt dei til å «slå forsyn» med heilt til våre dagar, og dei er kjende i alle sjøbygdene her. Det er 4 krokar, og to mann stod og bytte krokar. På den måten vart forsyni fletta. Då kom det ikkje så lett snur i forsyni som når ho var tvinna. På Færøyane, seier Jirlow, vert krokane nytta til å slå snøre til reip, og Jirlow reknar desse «nyckelformiga redskapen för repslagning» for svært gamle. Hjà M. A. Jacobsen og Chr. Matras: «Færøsk — Dansk Ordbog» (Tórshavn 1927—1928) heiter det om «teymaspjaldur»: «Redskab af Træ til at slaa Angeltømmer med.»

¹ Erik Hinsch: «Gokstadhøvdingens jaktransel» i «Viking» XXI/XXII (Oslo 1958) s. 175 fl., serleg s. 189—190.

i Noreg, i dei ymse klyvjeilåt på Færøyane og Island og andre stader tyder og på ein samanheng med borklaupen.

Elles er det ting som tyder på at klyvjekassen, iallfall her i landet, må vera eldre enn klyvjemeisi.

Me har sett at både den gamle norske klyvjesalen og klyvjekassen var komne til Færøyane og Island frå Noreg. Desse to klyvjereiskapane må ha fylgst.

På Færøyane har klyvjekassen — «rossleypur» — vore brukt saman med den gamle norsk-færøyske klyvjesalen til vår tid. På Island har dei nytta klyvjekassen — «hrip» og «kláfur» — saman med den gamle islandske klyvjesalen, «klyfberi»; og me har sett at klyvjekassen her i landet — på Vest-Karmøy — vart brukt på den gamle klyvjesalen, kløv-trei, så lenge den salen var i bruk her, til for mindre enn 100 år sidan.

Difor kan me seia at klyvjekassen — grindkassen — har høyrdd saman med den gamle norske klyvjesalen og må ha vore det vanlege klyvjeilåtet i den tid dei berre hadde den gamle norske klyvjesalen her i landet, d.v.s. før den nyare klyvjesalen, den med brugder, sveittafjøl og meisar, kom her til. Klyvjekassen, og grindkassen i det heile, må då gå svært langt attende i tidi,¹ sjølv om han som type er yngre enn laupen av bork.

Medan klyvjekassen såleis har fylgt den gamle norske klyvjesalen, har klyvjemeisi fylgt den nyare klyvjesalen. Det er difor grunn til å tru at klyvjekassen — grindkassen — må vera eldre her i landet enn klyvjemeisi, og at meisi i det store og heile har fortrenkt klyvjekassen samstundes med at den nyare klyvjesalen fortrengde den gamle klyvjesalen.

Her kan nemnast at i Hjelmeland i Ryfylke kallar dei den enkle, ovale klyvjemeisi for klyvjekasse og alt utstyret til ein vanleg klyvjesal for kassty.² «Kløbber og kassty», seier dei. Og i sørste parten av Ryfylke, i Dalane og i Sirdal kallar dei ei korgforma dubbelmeis for

¹ I «Ymer» 1935 s. 229 fortel Ragnar Jirlow at i Mongolia ber dei religiøse skrifter i ein grindkasse, og at ein tilsvarande reiskap finst i Korea.

² Jfr. færøysk «rossatýggj» som etter M. A. Jacobsen og Chr. Matras: «Færøsk—Dansk Ordbog» (Tórshavn 1927—1928) tyder: «Hestetøj, den til transport paa Paksadel (Kløvsadel) hørende Udrustning.»

kass eller klyvjekass¹. Truleg må ordet kasse eller kass der i bygdene ha gjenge over frå den gamle klyvjekassen — grindkassen — til den nyare meisi.

I Hardanger og på Voss og i bygdene vestom Voss kallar dei ei korgforma dubbelmeis for ei kjessa. Det er, som nemnt, ei sideform til kasse eller kass og viser kanskje og til den gamle grindkassen.

Når klyvjekassen i Karmsund og tilgrensande strok og har vore brukt i samband med den sams klyvje- og ridesalen, så må det vera noko sekundært. Dei må ha halde på klyvjekassen sjølv om dei gav opp den gamle klyvjesalen.

* * *

Når dei på Færøyane og Island og på våre kantar lengre enn andre stader har halde på grindkassen, denne gamle bere- og klyvjereiskapen, må det hanga saman med at dei på Færøyane og i nokon mun på Island og i Karmsund også har halde på den eldste klyvjesalen, og at dei elles i Karmsund har hatt den sams klyvje- og ridesalen.

Ein annan grunn til at grindkassen har halde seg i Karmsund, i ytre Sunnhordland og på dei ytre øyane i Midhordland, kan det ha vore at det her helst var torv dei bar og klyvja i desse kassane, og at dei var svært høvelege til det.

* * *

I samanheng med grindkassane ligg det nær å nemna nokre eldgamle møbler med hyrnestolpar, t. d. sengene i Gokstadskipet og Osebergskipet. Sjå «Osebergfunnet» band II (Oslo 1928) fig. 40, 42, 43, 51 og plansje VII og VIII. Desse sengene frå vikingtida er mellom dei eldste møblene me kjenner i Noreg, og dei er arbeidde etter same systemet som grindkassane, med sider og endar innfelde i hyrnestolpane og med spiler til botn. Vidare kan ein nemna den kasseforma stolen i Osebergskipet og ymse norske kyrkjestolar frå mellomalderen. Sjå «Osebergfunnet» II fig. 53, 56—63 og plansje IX. Serleg lyt ein nemna den vidkjende «ullkorg» eller «kardskäppa» frå Rättvik i Dalarne, Sverige, som dei har på Nordiska Museet, Stockholm. Ullkorgi er frå fyrstningi av 1200-

¹ «Det lek som ein kass», seier dei i Bjerkreim om eit kjerald som lek mykje.

talet og er utskoren i drakestil. Fig. 32. Ho har vore brukt til å ha ull i når dei karda. Denne fine ullkorgi, eller ullkassen, som me ville seia, er og arbeidd med fire hyrnestolpar, og sidefjølene er innfelde i stolpane. I endane er det spiler oppe og nede som er innfelde i hyrnestolpane. Ende-fjølene, som står på opp og ned, er innfelde i desse spilene. I kvar ende er det og innfelt ei spil som botnen kviler på. Hyrnestolpane går noko nedom botnen og litt ovom øvre kanten. Ullkassen minner svært mykje om ein grindkasse. Likskapen i arbeidsmåte er så stor at det lyt vera ein samanheng. Ein må kunna

rekna med at grindkassane i si tid har vore i bruk i Sverige, og at dei mellom anna har vore brukte til å ha ull i når ein karda. Til det bruk er det rimeleg at ein har gjort seg føre med grindkassane for å få dei fine; og denne ullkassen frå Rättvik har vorte eit reint stas-møbel samstundes som han har gjort like god nytta som ein meir vanleg ullgrindkasse. Truleg er dette den eldste «grindkassen» som finst.

Frå øvre Telemark i Noreg finst det og tri gamle, omlag tilsvarende ullkassar. Ein av dei er i Fylkesmuseet for Telemark og Grenland, Skien, ein på Norsk Folkemuseum, Bygdøy, og ein på Nordiska Museet Stockholm. Men desse ullkassane er visstnok ikkje så gamle som den frå Rättvik i Sverige. Ragnhild Bjerregaard Molaug meiner at den på Norsk Folkemuseum er frå 1600-talet enno han ser svært mellomalderleg ut.¹ Ho skriv elles at frå nyare tid har ein mange liknande ullkassar både frå Telemark og andre stader. Dei fleste har to eller fleire tverrspiler til botn, og så er det lagt laus botn oppå, eller der er botn av spon



Fig. 32. «Ullkorg», ullkasse, frå fyrst-ningi av 1200-talet, frå Rättvik i Dalarne, Sverige. Nordiska Museet, Stockholm, 105. H. a. 50,5 cm lang, 43 cm brei, 49 cm høg. Foto: Nordiska Museet.

¹ «By og Bygd» I (Oslo 1943) s. 57 — 66.




Fig. 33. Ull-laup av lindebork med trebotn. Frå Guggedal i Suldal. 76 cm lang, 49 cm brei, 34 cm høg. Museet i Haugesund.

I Suldal i indre Ryfylke har dei frå gammalt av og heilt til no hatt ovale ull-laupar av lindebork til å ha ull i når dei karda. Fig. 33. Botnen er av tre. Elles i distriktet her har folk, så lenge ein veit, hatt små, fine kiper til å ha ull i når dei karda. Sjå fig. 34.

KIPER OG BÅRKISTER.

Som nemnt s. 32, har ein i Karmsund brukt kiper til å klyvja i, men det er få som kan minnst det no. Derimot har kipene til langt inn i dette hundreåret vore vanlege til å bera i og til å ha ull i. No held dei på å koma bort både i Karmsund og mange andre stader, men enno finst det dei som kan arbeida kiper.

Botnen i kipa er ei liti avlang og brei trefjøl, helst av fura. Stundom er det to fjøler med okar under. I navarshol nær utkantane av botnen er det sett mange flate, beine trespiler, kipespiler, så høge som kipa. Dei er tilsmidde såleis at dei er tynne i kantane og at dei nederst er runde, så dei går ned i holi i botnen. Spilene kan vera av brake, fura eller anna tre. Dei hallar oftast litt utover, så kipa vert vidare oppe enn nede. På Bremnes i Sunnhordland kallar dei ofte spilene for oppstøningar. I Hardanger seier dei oppstøer¹, og i Eigersund i Dalane, Sør-Rogaland, seier dei støla (ei støle).

¹ Halldor O. Opedal: «Makter og Menneske» VI (Oslo 1948) s. 135.

Kring spilene er det bunde smale treband, kipeband, og for bindingi si skuld må det alltid vera eit oddetal av spiler. Det heiter å binda ei kipa. I Hardanger seier dei både fletta ei kipa¹ og binda ei kipa, i Eigersund leggja ei kipa og i Lyngdal og på Lista å svege ei ryggkorg (kipa). Bandi kan vera av brake, brakerøter, hatl, selja, vier, vierrøter, valvier, valvierrøter eller hegg. Det hende og at ein batt kiper av raun, men folk likte ikkje raunekipene. For det fyrste var dei tunge, og for det andre tålte dei ikkje vatn. Vart dei våte, ville bandi vrenja seg. Kiper av pil fanst det og, men pilebandi var så møyre at ein brukte helst ikkje pilekipene ute eller til å ha noko tungt i. Brake vart rekna for å vera det beste og sterkaste kipevyrket. Det måtte vera fin og rakvaksen brake. Han måtte difor helst ha vakse i skogen; og han måtte vera hoggen om vinteren, for då var han seigast. Folk kalla kipene etter det vyrket dei var bundne av: «Brakakjipa», «hatlekjipa», «vierekjipa», «syljekjipa» o.s.f.

Til kipeband brukte ein helst lange, fingertjukke renningar eller røter som ein kløyvde i to — etter margin. Når dei var kløyvde, smidde ein av bandi på den flate sida til dei var så tynne at dei kunne bøyst mellom spilene. Ein batt alltid kipene slik at rundingane på bandi vende ut. Ville ein ha ei ekstra lett kipa, smidde ein bandi flate på ut-sida og; men kiper som var arbeidde av band med rundingen på, var sterkast. Stundom kløyvde ein renningane eller røtene i fleire band, eller ein brukte tjukkare trevyrke og kløyvde det opp i høveleg tjukke og breie band som ein smidde til. Sume stader i Hordaland kløyvde dei opp grei, fersk furehun til kipeband. Av og til brukte ein tynne, ukløyvde brakerøter eller andre røter, men visstnok aldri til heile kipa.

Før bindingi la ein bandi i vatn eit døger eller to, så dei vart mjuke og lett bøyelege. Det måtte vera fersk material, elles vart bandi for stive og brotna under bindingi.

Mange i Sunnhordland, t. d. i Bremnes, Moster, Valestrand, Sveio og Mauranger, kallar kipebandi for vònd (ei).² Dei talar om «hunavònd», «brakavònd», «seljevònd», «vierevònd», «hatlevònd» o.s.f. Det er vònd

¹ Halldor O. Opedal: «Makter og Menneske» VI (Oslo 1948) s. 135.

² Sjø Chr. Vidsteen: «Bygdemaalene i Søndhordland» (Bergen 1900) under ordi vond og kipevond. Sml. Ivar Skre: «Hummar- og krabbefiske» (Serprent or tidskriftet «Sunnhordland» 1959) s. 9—10 der han fortel om vondateiner. Sjø og Ivar

anten vyrket er kløyvt i to eller fleire. Ukløyvde tynne røter er og vond. Dei er bøyelege nok til det. Fureal derimot er for stiv til å brukast til til vond, kipeband, men er god til spiler.¹ I Eigersund i Dalane brukar dei og ordet vond om kipeband, men der seier dei vonn (ein). I Lyngdal, Vest-Agder, kallar dei kipebandi for sveger (svigar). I Nordhordland seier dei kipeband eller kipeleg (tæger).

Over øvre kipekanten er det sett eit hald av tre på kvar sida av kipa eller — på småkipar — stundom berre på den eine av dei to sidene. Kvart hald er fastsett i to spiler som er breiare og litt høgare enn dei andre spilene. Desse lange spilene går opp gjennom haldi, og det vert sett ein pinne i hol tvers gjennom haldet og kvar av dei spilene som går opp gjennom haldet. Det er for at haldet skal stå godt fast. Desse spilene står ikkje i navarshol i botnen, men kvar av dei er sette opp gjennom eit avlangt hol, og under botnen er det hovud eller hoka på spilene, så dei ikkje skal kunna slitast opp. Det er fyrst og fremst desse hovudspilene som gjer at botnen ikkje dett or kipa. Er haldi lange, som t.d. på fig. 34, går fleire spiler opp gjennom dei. Haldi er ofte av brake sjølv om kipene elles er av anna tre. Dei lange haldi gjer øvre kipekanten sterkare så langt haldi rekk. Stundom er øvre kanten ombunden med kløyvde tynne brakerøter eller valvierrøter. Då er det gjerne sett eit treband innom kanten under ombindingi.

* * *

Ei kipa er mykje tettare enn ein grindkasse. Difor har ein nytta kiper til å klyvja og bera såvorne ting i som ville ha dotte ut mellom rimane på grindkassane. I Karmsund og Sunnhordland har dei såleis brukt

Skre i tidsskriftet «Forming» nr. 4 1959 s. 16—21.

Gardsnamnet Vandaskog i Sveio kjem av ordet vond, gamalnorsk vandr (m.) som tyder bøyeleg trerunning. Ordet har samanheng med gjerningsordet venda.

¹ Ein gamal mann frå Bremnes, f. 1865, sa at vond det var berre dei kipebandi som var av oppkløyvd furehug; og kiper av den slags band kalla han vondakiper.

I Karmsund har eg ikkje høyt nokon bruka ordet vond om kipevyrke. Dei seier band eller kipeband. Men ein eldre mann frå Skjold fortalde at vond, dekkensvond, det var dei strimlene som dei klypte av filler når dei skulle veva golvdekken (filler). Dei nystene ein vatt desse strimlene opp i, var vondanyster, og kipene som dei hadde nystene i, var vondakiper, sa han.

kiper m. a. til å bera og klyvja fisk i. Når folk skulle til sjøen for å fiska, bar dei gjerne fiskeveldene og nista i kipa, og heim bar dei fisken i same kipa.¹ Folk tala om «fiskakjipa» og «mortakjipa». Desse var oftast frå ei halv til to skjepper. Fiskekipa hadde dei til ilåt når dei var ute etter småsei og lyr, og mortkipa når dei glipa mort om haustane. Hummar og høvring bar dei og i kiper. Var det mykje fisk og lang veg, måtte dei klyvja i den tid det var lite køyrevegar. Ein mann frå Sveio fortalde at då han straks etter hundreårsskiftet var med på vårsildfisket, klyvja kona hans heim hussild. Dei kom med sild inn til Viksesfjorden, og ho kom dertil med hest og klyvjegreier. Sildi hadde ho i kiper, og ho hadde over ei mil å klyvja. Folk som budde langt frå sjøen og ikkje fiska sjølv, klyvja og heim sild og fisk som dei kjøpte eller bytte til seg. Sjølv om dei køyrde fisken, hadde dei han gjerne i kiper.

Vidare var det vanleg at folk brukte kipa til å bera høy i frå løa til smalehus og stall; for smalen og hesten fekk småhøy som elles lett kunne spillast. Kyrne derimot fekk langhøy, og det vondla ein, så til kyrne bar ein ikkje høyet i kipa. Hakk, agner og skav bar dei og i kipa. Ein brukte m.a.o. kiper når ein stia. Difor kalla ein ei såvori kipa for «stiingekjipa» — eller «smalakjipa» og «hestakjipa». Sjå note 2 til side 67. Storleiken på smalekipene var etter talet på smalen. Ein skjoldabu, f. 1886, fortalde at heime hjå dei hadde dei kring 20 sauer og brukte ei kipa som tok 6 skjepper til smalekipa, og dei som hadde kring 10 sauer, brukte ei kipa på 3 skjepper. Hestekipa tok 3 skjepper, sa han. Slo dei litt gras til hesten eller til ei ku, bar dei det og gjerne inn i ei kipa, småhøy og etterrakster like eins. Smålyng, som dei skar eller slo til kyrne, bar dei og stundom heim i ei stor kipa. Den kunne vera på 5—6 skjepper eller meir. Likeeins bar dei stundom butare i kipa. Den var våt og tung å bera.

I kiper bar dei og underbreisla: Lauv, småhakka brake, halmrusk og anna som dei breidde under smalen.

Poteter hadde sume i kiper både når dei bar inn poteter til groings om våren, når dei sette poteter, og når dei tok opp poteter om hausten.

¹ På Tuastad i Avaldsnes har dei ei gamal herma: «Ei kjipa sø(r) i Røksund e(r) be(t)re enn ein laup smør på Mykjo». Røksund er ein part av Tuastad. Mykjo er grannegarden, og der var ikkje så fiskerikt.

Desse kipene var frå 2 skjepper og oppover. Ein nordhordlending som budde i Valestrand i Sunnhordland, bar heim 10 skjepper poteter om gongen i ei tiskjeppekipa når han tok opp poteter, og sonen bar 8 skjepper i ei åtteskjeppeskipa. Stundom køyrde folk potetene heim i kiper, og så bar dei kipene inn. Grønsaker bar og køyrde dei og i kiper. Sume brukte ei kipa til å ha løk i etter at dei hadde teke han opp og turka han om hausten; for i kipa var det luftig, så løken heldt seg turr og fin.

Torv bar og sume i kiper. Desse kipene tok oftast 4 eller 5 skjepper. Men det vanlege i Karmsund var at folk køyrde heim torvet, eller at dei bar det i torvkassar. Torvmolane pitla ein ofte opp i ei kipa. Hogd ved bar og mange inn i ei kipa.

Som nemnt side 69, var det mange stader i Vest-Noreg at dei bar møk i kiper.

Det hende at dei som hadde lang veg til handelsmannen og som ikkje køyrde, brukte kiper til å bera varene i, men det var ikkje vanleg. Folk brukte helst korgar til det.

Når eit lamb hadde skadd seg, bar dei det gjerne heim i ei kipa. Frå Høyland på Jæren fortel dei at når kui hadde kalva, tok folk som ikkje hadde hest, kalven fyrst oppi ein sekk og så oppi kipa og bar kalven på ryggen til Sandnes for å selja han.

Ja til og med born kunne dei klyvja og bera i kiper. Eg hørde ein gong ein mann frå Sveio tala om «ei heile kløv me(d) ungar». I «En Stavangersk Cicerone» (Stavanger 1868) heiter det s. 168—169:

«I Byen saa man dengang¹ aldrig Bønder med Kjærrer — Alting blev kløvet, og når Fatter og Mutter kom ridende til Byen, sad Børnene stuvede som Smaagrise i «Kjiper» eller «Bagmejser»² paa begge Sider af Hesten». Og på ein heiegard på Lista bar faren for nokre år sidan barnet sitt til kyrkje i ei kipa då det skulle til dåpen. I Skjold fortel dei at når foreldri var på utarbeid og hadde barnet med, hende det at dei let det stå i ei kipa. Då visste dei kor dei hadde barnet, og det kom ikkje i vegen for arbeidet.

Når dei karda og spann, var det vanleg å ha ull i ei liti kipa, «udlakjipa». Desse små ullkipene var meir for-seg-gjorde og finare enn

¹ D.v.s. i fyrstningi av 1800-talet.

² «Bagmejser» må her tyda korgforma klyvjemeisar.

andre kiper. Fig. 34. Ofte var dei arbeide av selja; for den var så lett. Når kvinnfolki skulle i forening den tid dei karda og spann i kvinneforeningane, kom dei ofte berande med kvar si liti kipa på ryggen med ull og kardar i. Dei bar då kipene på børtog, og endane på børtoget batt dei saman bak på ryggen, så dei kunne gå og spøta på vegen. I Skjold var det nokre koner som hadde fått seg faste fatlar på kipa til det bruk.



Fig. 34. Ullkipa frå Lunde i Ølen, arbeidd av Andreas Eikjeland, Vats, kring 1890. 51 cm lang, 30 cm brei, 39 cm høg. Museet i Haugesund.

I Sveio og Valestrand, Sunnhordland, har mange hatt ullkiper med to rom i. Det var ein tverrvegg midt i kipa. Denne tverrveggen var bunden i eitt med kipa elles, og øvst var det eit fint hald som var festa i to høge hovudspiler i tverrveggen. Noko anna hald enn dette tverrhaldet var det ikkje på kipa. Fig. 35. Når dei karda, grøyppte, og brukte ei såvori kipa, hadde dei ugrøyppt ull i det eine kiperomet og grøyppt ull i det andre. Skulle dei spinna grått garn, hadde dei kvit ull i det eine romet og svart i det andre og tok litt or kvart rom når dei la i kardane. Av den svarte ulli skulle det elles svært lite til. Sunnhordland Folkemuseum har ei såvori kipa frå Stord. På Sundfør og Håvik i Skjold, Karmsund, har dei og hatt slike ullkiper. Kring 1910 var det på Sundfør også ei ullkipa der tverrveggen var av heilt tre,




Fig. 35. Ullkipa med to rom i, frå Nordre-Mølstre i Sveio. 74 cm lang, 42 cm brei og 37 cm høg til kanten.

Museet i Haugesund.

og der det var hald på sidene som på andre kiper. På Tysnes i Sunnhordland hadde sume skilje av tre med hald i.

Til å lagra ull i hadde folk store ullkiper. Når dei vaska ull, brukte dei og gjerne ei kipa. Dei bar ulli til bekken i kipa, og dei vaska ulli i kipa.

I Sveio og andre stader i Hordaland brukte dei ei stor kipa til

underlag når dei tøvde. Dei la kipa på golvet og tøvde på den sida som vende opp. Elles var det eit vaskebrett ein brukte til det. På Historisk Museum i Bergen har dei eit flatt tøvebrett som er arbeidt — bunde — på same måten som ei kipa.

Bakarane, både i Haugesund og i distriktet, brukte til kring 1900 kiper til å ha kavring i; for kipene var luftige og gode for kavringen. Dessutan måtte læregutane bera kavring ut til handelsmennene i kiper som dei bar på ryggen etter børtog. Skipshandlarane i Haugesund hadde før varene i store kiper når dei skulle senda proviant ombord i skip. Då bar to mann kipa mellom seg til føringsbåten. Dei sette eit band mellom haldi, så kipene skulle vera greie å taka i vinsjen når ein skulle heisa dei frå føringsbåten og ombord i skipet. Når folk skulle ha varer med seg i mindre farty, hadde dei og gjerne kiper til å ha varene i. Då var det lett å få dei både ombord og iland.

I indre Sunnhordland og i Hardanger brukte dei kiper til å henta — plukka — frukt i. Men dei brukte helst borklaupar med trebotn til det.

Frå Kinsarvik i Hardanger fortel Halldor O. Opedal:¹ «Folk bruka kipone til å reia osten or fjellet med, til å ha ull i, til å bera høy i o.a.sl.» I Vik i Sogn og i Volda på Sunnmøre klyvja dei og i kiper stundom. I Sogn hadde dei serskilde klyvjekiper med vidjeringar i til å hengja i salkrokane og med eit feste under botnen til å setja fast åbandet i. I Hardanger — Ullensvang — derimot batt dei vanlege kiper fast på klyvjemeisane.

Folk hadde ofte eit godt utval av kiper, ein hadde kiper til kvar sitt bruk. Difor fekk kipene og namn etter bruken: «Fiskakjipa», «morta-kjipa», «homrakjipa», «stiingekjipa», «smalakjipa», «hestakjipa», «torv-kjipa», «lau(v)kjipa», «lyngkjipa», «kavringekjipa» o.s.f.

Kipene var, som nemnt, av ymse storleik, og ein kalla dei difor også etter storleiken: «Halvskjeppekjipa», «skjeppekjipa», «toskjeppekjipa», «triskjeppekjipa», «firaskjeppekjipa», «femskjeppekjipa» og «seks-skjeppekjipa». Sume kalla toskjeppekipa for «kvartelskjipa» avdi ho tok fjerdeparten av ei tunna, og ei fireskjeppekipa for «halvtunnekjipa». Når dei rekna kipene i skjeppe, rekna dei i seinare tid alltid ei skjeppe for

¹ «Makter og Menneske» VI (Oslo 1948) s. 136.

20 liter. Men når dei kalla toskjeppekipa for kvartelskipa og fireskjeppeskipa for halvtunnekipa, var det likevel den gamle skjeppe frå før 1875 som gjekk att. Ei måltunna frå den tid var på 8 skjeeper à 18 potter, og ei gamal skjeppe var 17,372 liter.

Poteter rekna dei helst i skjeeper og tunner, og når dei skulle selja poteter eller mæla opp ei tunna folgepoteter, mælte dei gjerne med ei skjeppekipa eller toskjeppekipa. Epler mælte dei i småkipar. Ein eldre mann frå Skjold fortalde at han kunne minnst at faren stod på kyrkjebakken og selde epler, og då mælte han i ei halvskjeppekipa. Mort, brisling og annan småfisk rekna dei og i skjeeper og mælte han i kiper.

* * *

I Karmsund, i ytre Sunnhordland og i ytre Midhordland har dei, som ein skjønar, brukt både kiper og grindkassar, og det ser ikkje ut til at det eine slaget har vorte fortrent av det andre. Kipene og grindkassane var i det store og heile til kvar sitt bruk, sjølv om ein kunne bruka kipa og grindkassen til same arbeidet. Andre stader, t. d. på øyane i Nordhordland, har dei derimot ikkje brukt grindkassar i manns minne. Der bar dei torvet i kiper.¹ Ein lyt truleg rekna med at grindkassen der har vorte utkonkurrert av kipa. På Færøyane og Island har dei på andre sida berre brukt grindkassar og ikkje kiper. Det kan koma av at dei ikkje hadde kiper i Noreg då Færøyane og Island vart busette. Men det kan og koma av at dei ikkje har hatt kipevyrke. Kipene måtte arbeidast medan vyrket var ferskt. Grindkassane derimot kunne dei arbeida av kjøpevyrke.

I ein stor part av grindkasseområdet i Noreg finst det og lite eller ikkje vyrke til å arbeida kiper av. Men i desse stroki kunne dei lett få kjøpa kiper frå stader der det voks rikeleg med brake eller anna høveleg kipevyrke. Elles var folk i skogfatige strok svære til å nytta ut det vesle vyrke som fanst. Det fekk våga seg om kipene ikkje vart så fine. I ytre Karmsund fekk folk helst kipene frå indre Karmsund. Dei kjøpte eller fekk kiper arbeidde hjå kjende kipemakarar. På marknadsdagane stod elles folk frå Tysvær, Skjold og Vats på torgi i Haugesund og selde

¹ Sjå «Land og Hav. Hordaland Landbruksmuseum — Årbok 1953—54» s. 68 — i eit stykke av Gerh. Garatun-Tjeldstø: «Torv-onn» s. 58 ff.

både kiper og andre trevarer, og sume av handelsmennene hadde kiper å selja. I Førdesfjorden var det og sume som arbeidde kiper for sal. Ja, til og med i Tømmerdal, Skåre, var det i 1930-åri ein gamal mann som arbeidde kiper som han selde. På Bremnes i Sunnhordland, der dei trufast har halde på torvkassen, fanst det kipevyrke sume stader, og dei fortel at der var det sume som hadde det til vinterarbeid å laga kiper, og så gjekk dei kringom i bygdi og selde kipene om våren. Til Bømlo kom det folk frå Valestrand og selde kiper. På mange av øyane i Nordhordland var det og knage med kipevyrke. Likevel har dei der berre brukt kiper og ikkje grindkassar. I Lygra sokn i Lindås, Nordhordland, var det såleis ein mann som siglde til Gulen i Sogn og kjøpte båtlaster med kiper, og så rodde han kringom i heimbygdi og selde kipene. I Lindås fekk dei og kiper frå Masfjorden. På Jæren fekk dei kipene frå Ryfylke, og på Lista frå Kvinesdal og Flekkefjords-kanten. På Sør-Karmøy — såleis i Ferkingstad sokn — var det i åri kring 1890 ein mann som gjekk kringom og arbeidde kiper til folk. Han fekk mat og hus og litt betaling også. Fersk brake til å arbeida kipene av hadde han med seg. Han var ikkje der frå bygdene.

I dei indre bygdene i Karmsund og t. d. i Valestrand og vestre Vikebygd i Sunnhordland vanta dei ikkje kipevyrke, men likevel brukte dei




Fig. 36. Kipa frå Sørstokko i Stangaland, arbeiddd av Andreas Osmundsen Sørstokke (fødd 1863) av braketæger som har vakse på Karmøy. 57 cm lang, 32 cm brei, 34 cm høg. Museet i Haugesund.

grindkassar til å bera torv i. Det var såleis ikkje skort på kipevyrke som gjorde at dei heldt på grindkassane. I Stordalen i Etne, Sunnhordland, har dei, trass i rikeleg vyrke, i manns minne korkje brukt kiper eller grindkassar til å bera i. Derimot har dei brukt kiper til å ha ull i, «udlakjiper», store til å ha ull ståande i og små til å ha ull i når dei karda. Sume hadde og poteter ståande i store kiper.

Stort sett kan ein seia at kipene var mest brukte i dei ytre bygdene. I Karmsund var kipene vanlege. Dei var i kvar manns hus. I Ølen og




Fig. 37 A. Børel med karveskurd frå Bjordal i Skjold, til å bera t. d. ein bylt, ei skreppa eller ei kipa etter på ryggen. Børelen la dei over den eine aksli. 65,5 cm lang. Museet i Haugesund.

B. Børel frå Lunde i Ølen, merkt m. a. med årstalet 1815. 71 cm lang.

Museet i Haugesund.

mellom seg, og det gjorde dei gjerne når det var noko tungt i kipa, og ho ikkje skulle berast så langt. Elles var det vanleg å bera kipa på ryggen. Då bar dei henne, som nemnt s. 64, helst etter ein tamp over aksli. Fig. 36. Det hende og at dei bar kipa på børel (beretre). Fig. 37. Men var det ei tung bør som ein mann skulle bera, bar han kipa på børatog. Fig. 7. Såleis var det i heile Rogaland, likevel så at i Dalane, Sør-Rogaland, bar sume kipa på fatlar, men det var alltid hald på kipene. På museet i Haugesund er det to fiskekiper frå Karmsund med vanlegt hald på eine sida medan «haldet» på hi sida er slik at ein berre kan setja eit tog under det til å bera kipa etter over eine aksli. Fig. 38.

I Sunnhordland var det og hald på

Etne, Sunnhordland, var dei ikkje så vanlege. I Suldal, Ryfylke, var det lite kiper, og i Røldal, Hordaland, var dei ikkje i bruk. Men i Karmsund hadde folk rikelegast med kiper i dei indre bygdene — Skjold, Tysvær og Vats — der det var mest kipevyrke. I dei yttarste bygdene i Karmsund var det helst til å bera fisk i at folk brukte kiper, og mange hadde dei berre til det.

* * *

I Karmsund var det alltid hald på kipene, og ein bar dei helst etter haldet. Var det to hald på kipa, kunne to mann bera henne




Fig. 38. Fiskekipa frå Kalvaland i Skjold, arbeidd i 1930 av Emil Kalvaland (fødd 1905). 44 cm lang, 23 cm brei, 37 cm høg. Museet i Haugesund.




Fig. 39. Møkkipa frå Svortland i Bremnes. 56 cm lang, 34 cm brei, 55 cm høg. Museet i Haugesund.

og trødde gjennom det eine haldet. Slik var det og i Vanylven på Sunnmøre. På Ferkingstad i Skudenes, Karmsund, var det og dei som brukte såvorne fatlar.

I Eigersund i Dalane, Sør-Rogaland, trødde dei endane på fatletoget ut gjennom to hol i botnen og vidare inn gjennom to narvarshol i det eine haldet og sette knutar på endane på innsida av haldet. Dei heldt m.a.o. ikkje i toget. I Heskestad i Dalane hadde dei bukta kring det eine haldet og let endane gå inn gjennom to hol i botnen og sette knutar på endane på innsida. Slik feste dei fatlane også i Tysnes i Sunnhordland og i Jondal i Hardanger. Hendene var fri under beringi der og.

kipene; men der hadde dei likevel oftast fatlar som fylgde kipa, og fatlane var, som nemnt s. 64, slik at ein måtte halda i bukta som gjekk under det eine haldet og fram over aksli. Fig. 39. Var det ei tung bør, trødde ein armane inn under fatlane, så ein fekk fatlane over akslene. Men var det ei lettare bør, bar dei kipa berre etter bukta over eine aksli.

På same måten som i Sunnhordland var det i Vest-Agder. Det var hald på kipene, og ein bar dei ofte etter fatlar som var fastsette i botnen




Fig. 40. «Strilakjipa» på Tindelaland i Vikebygd. Kjøpt i Bergen i 1938. 69 cm lang, 49 cm brei, 64 cm høg.

I Midhordland, Nordhordland, Sogn og vidare nordover var kipe-fatlane og slik at ein hadde hendene fri når ein bar kipa på fatlar.¹ Fatlane gjekk — eit stykke frå øvre kanten — ut gjennom hol i to breie spiler som hadde hovud eller hoka under kipebotnen, og nede inn gjennom to hol i botnen, og så var det knutar på endane. Fig. 40.² Kipene kom difor høgare på ryggen enn både dei kipene som ein bar på børtog og dei som ein bar på fatlar trådde gjennom haldet. Ofte kom øvre kipekanten over hovudet og botnen jamhøgt med mjåryggen. Stundom var kipene så lange (høge) at øvre kanten kom over hovudet og botnen nedom bakenden. Då fekk dei som bar, ikkje gnag av kipebotnen. Fatlekipene frå Midhordland og nordover var elles og arbeidde på ein annan måte enn kipene lenger sør. Det var ikkje hald på fatlekipene. Dei var berre til å bera på ryggen. For å gjera kipene sterkare, var det ofte sett eit treband kring øvste kanten anten inni eller utanpå eller eit inni og eit utanpå. Kipene var og noko meir avrunda, og botnen var mindre. Vidare kunne desse fatlekipene vera noko buga utover, men ikkje på den sida som vende til ryggen. Det hende og at kipene buga innover. Men spilene og kipeveggene var ofte beine på fatlekipene og. I Karmsund var, som nemnt, spilene beine. Men det hende der og at kipene buga litt ut.

På sume av småøyane i vestre Fitjar i Sunnhordland hadde dei heimearbeidde fatlekipar der fatlane gjekk ut gjennom hol i hovudspilene eit stykke nede på kipa; men det var likevel to hald på kipene. Det var, som ein skjønar, ei blandingsform. Fiskekipene der var det ikkje fatlar i. Dei kipene var små, og ein bar dei etter eit tverrhald som gjekk over kipa og var fastsett i dei to sidehaldi. Stundom var det ikkje sidehald på fiskekipene. Då gjekk tverrhaldet inn i hol i hovudspiler som stod midt i kvar sida av kipa³. Fiskekipar med tverrhald har dei og brukt i Sogn. Der hadde dei og små potetkipar med tverrhald, og sume hadde ullkipar

¹ Det var nok sume undantak, såleis det nemde frå Vanylven.

² Den høgre fetelen var fast både oppe og nede, medan den vinstre stundom berre var fast oppe. Så tok dei han fram over aksli og heldt i han med hendene. Då var det lettare å få kipa av og på seg, og bar dei møk, kunne dei då tømme møki fram over høgre aksli når dei gav etter med den vinstre fetelen.

³ Illustrasjon hjå Ivar Skre i «Forming» nr. 4 1959, s. 19 fig. 9 og 10.

med tverrhald. Potetkipene brukte dei til å pitla poteter i når dei tok opp poteter. På potetkipene gjekk haldi heilt ned i botnen og tente som spiler midt på kvar sida, d.v.s. at kipebandi var bundne kringom dei på same måten som kring dei andre spilene.

I Midhordland, t. d. på Huftern, brukte dei forutan fatlekiper utan hald også kiper med hald. Dei kipene bar dei i haldi eller etter eit tog over aksli. Toget var festa i haldet på same måten som i Rogaland. I Bruvik og andre stader i Nordhordland var det fatlar og ikkje hald på dei kipene som dei bar på ryggen; men det var hald på ullkipene.¹ I Hardanger har dei brukt fatlekiper utan hald, kiper med hald og utan fatlar og kiper med både hald og fatlar.

Fatlekipene utan hald har vore til sals i Bergen, og det er kome ikkje så få av dei til Sunnhordland. Men der skil dei seg klårt ut, og folk kallar dei «strilakjiper». Fig. 40. Truleg er desse kipene komne til Bergen frå ymse stader. Men ein stor part av dei er arbeidde i Gulen i ytre Sogn. Der har det vakse mykje brake, høveleg til kipevyrke, og folk har i lange tider drive det som ein heimeindustri å arbeida kiper til sal. Framleis er det eit par mann i Gulen som driv storproduksjon av kiper; men no har det minka så på braken der, at dei lyt få brake og selja frå indre Sogn.

Skilnaden på kipene i Karmsund og kipene lengre nord må vera gamal. I Knud Leems «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» utgjevne ved Torleiv Hannaas (Kristiania 1923) heiter det:

«Ei Kipa (Een Kipe) d.v.s.: Saa kaldes i benævnte Egn² et aflangt Kar, der er gjort af Spaaner, hvilke ere ligesom flettedt om hinanden, og som haver et Haand-fang at bæ(re) det ved. Benævnte Kar bruges til at bære fersk Fisk, og dislige udi.»

Og De Fine: «Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse» frå 1745, utgjeve av Per Thorson (Stavanger 1952) s. 122 har ordet «Kiba» i tydingi: «Een Haand-Kurv».

W. F. K. Christie skriv derimot i «Norsk Dialect-Lexicon» utgjeve av Gustav Indrebø (Bergen 1937): «Kipa, s., en Kurv, indrettet til at bære Byrder i paa Ryggen».

¹ Illustrasjon hjå Ivar Skre i «Forming» nr. 4 1959, s. 18 fig. 6.

² D.v.s. i Avaldsnes prestegjeld.

Christie byrja å samla norske ord i 1810—11 medan han var soren-skrivar i Nordhordland, og han heldt på med det til han døydde i 1849. Han budde i Bergen, og storparten av ordi er frå Bjørgvin bispedøme. Sjå Indrebøs innleiding s. 48—49, 61 og 75.

* * *

I andre bandet av Paul Scheuermeier: «Bauernwerk in Italien der italienischen und rätoromanischen Schweiz» (Bern 1956) heiter det at i Italia og Schweiz ber dei kipene etter fatlar over akslene utan å bruka hendene (s. 101 og 102), at denne måten å bera på er yngre og betre enn andre måtar (s. 108), at denne beremåten må vera komen til Italia austanfrå og har utvikla seg vidare i Alpane (s. 111), at han på 1200-talet kom til dalane på nordsida av Alpane søranfrå (s. 109—110), og at det berre er i Alpe-stroki dei har brukt kiper i Italia (s. 103).

I Alpane ber dei såleis kipene på same slags fatlar som dei brukar i storparten — den nordre parten — av kipeområdet i Noreg. Mange av kipene i dette området er og nokså like kipene i Alpe-stroki.

Vidare heiter det i «Bauernwerk» II, s. 102, at i Alpane har dei brukt kiper m. a. til å bera møk i, poteter, neter, gras og grønfør, torv-strøy og lauv, at dei bar høyr i kiper frå løa til fjøs og stall, og at dei nokre stader bar mold frå nedre til øvre reini i bratte åkrar. Ein kan ikkje anna enn samanlikna med Noreg og undrast over likskapen.¹

Kiper har dei og brukt i Austerrike, Tyskland, Nord-Frankrike, Belgia og Nederland.² Der og har dei helst bore kipene på fatlar, men dei har og brukt andre beremåtar. Såleis har dei i Frankrike bore kiper på børel. Kanskje serleg i Tyskland har det vore mange kipetyper, såleis og kiper

¹ Av andre ting som er like i Schweiz og i Karmsund, Noreg, kan nemnast hakkekniv eller skjerkista (ein gamaldags hakkemaskin utan hjul) til å hakka halm med og klommer til å klakka verar med. Sjå fotografi XXVIII og XLIX i Hans Ulrich Rübel: «Viezucht im Oberwallis Sachkunde Terminologie Sprachgeografie» (= Beiträge zur schweizerdeutschen Mundartforschung. Band II). (Frauenfeld 1950). (Fotografi XLIX er snudd opp ned.)

² F. Krüger: «Géographi des Traditions Populaires en France» (Mendoza 1950) s. 135—139.

med fletta hald øvst på kvar sida.¹ Derimot veit eg ikkje om dei i Tyskland eller andre stader har hatt slike trehald som det er på dei norske kipene, t. d. i Karmsund. På tysk heiter kipa m. a. «Kiepe» og «Rückenkorb» (= ryggkorg). Det franske ordet for kipa er «hotte», og det er kjent i Nord-Frankrike frå 1300-talet.²

I Danmark har dei hatt kiper med fatlar, «rygkurve», til å bera fisk i. Styraren på Landbrugsmuseet i Lyngby, museumsinspektør N. G. Heine, skriv i brev til meg at han veit ikkje at dei har vore brukte til noko anna. I Sverige er kipene ukjende.

På Austlandet i Noreg og nordanfor Trøndelag har dei visstnok ikkje brukt kiper.³ Her i landet er det fyrst og fremst i Vest-Noreg, frå Mandal i sør og til Trøndelag (Hitra og Namdalen) i nord, at ein har brukt kiper; men dei har og vore i bruk i og kring Kristiansand (Greipstad) der ein bar kol og ved og poteter i dei, i Aust-Agder (Iveland) der ein bar mat i dei når ein slo på heii, og i Vest- og Midt-Telemark der ein brukte dei til å bera høy og lauv i og til å ha ull i.

Ein lyt rekna med at kipene er komne til Noreg frå Tyskland. Namnet kipa tyder på det. På mellomlågtyisk heiter kipa beint fram «kipe», og i Falk og Torp: «Etymologisk Ordbog over det norske og det danske Sprog» (Kristiania 1903—1906) heiter det at det norske ordet kipe (kipa) er lånt frå mellomlågtyisk «kipe». Truleg har dei «lånt» både tingen og namnet samstundes. Ein må kunna gå ut frå at kipene er komne her til landet i seinmellomalderen.⁴ Kipene med hald må ha kome fyrst. Fatlekipene utan hald har i Noreg hatt spreiiingssentret sitt

¹ Wilhelm Pessler: «Niedersachsen (= «Deutsche Volkskunst» Band I) (München 1923) s. 42—43 og fotografi 66 og 67, og Walter Hävernich: «Die Formen des Tragkorbes in Thüringen» i «Beiträge zur deutschen Volks- und Altertumskunde» I (Hamburg 1954) Tafel 14.

² F. Krüger 1. c. s. 147.

³ Eg har likevel høyrte om ei ullkipa i Balsfjord, Troms.

⁴ Lenge før den tid har dei hatt andre fletta ilåt av tre i Noreg. Såleis fann dei i osebergskipet stykker av fine, korgfletta små-ilåt av kløyvde, granne tretæger; og i Johan Fritzner: «Ordbog over Det gamle norske Sprog» III (Oslo 1954) står t. d. ordet «vandlaupr, m.», d.v.s. laup som er arbeid av vond, eller «flettet Kurv» som det heiter hjå Fritzner. Ja, der står til og med «vandahus», hus som er fletta av vond. Kor lik eller ulik vandlaupen har vore ei kipa, veit ein ikkje.

i Bergen, og det er rimeleg å tru at dei er komne med hanseatane.¹

I Agder-fylki brukar dei ikkje ordet kipa. I Vest-Agder seier dei ryggkorg, ryggekorg eller berre korg — kurv på kristiansandskanten —, og i Aust-Agder (Iveland) seier dei berekorg. I Agder har dei såleis, på same måten som i Danmark, teke opp dei tyske ordi «Korb» og «Rücken-korb» for kipa. På Voss seier dei teina (ei), «udlateina», om ei kipa. I Sogn og i Vest- og Midt-Telemark seier dei *kjessa* (ei),² og på Sunnmøre seier dei *kase* (ei) (Vigra) eller *tåge*, «tåje», (ein) (Ullstein, Vanylven og Volda). På desse stadene har dei såleis nytta gamle norske ord til namn på kipa. Dei har m. a. o. i si tid sett norske namn på den nye, utanlandske tingen. Andre stader, der dei har halde på det tyske ordet «kipe», har dei berre endra uttalen til «kjipa». På Voss har dei og hatt eit slags kipa som dei kalla *kjessa* (ei), høykjessa. Den var større og mykje grignare enn ei teina og vart brukt til å bera høyvondlar i frå løa til fjosen.³ Kjessa var så stor at ho kunne taka 8—10 vondlar. Det var handtak på båe sider.

* * *

I samband med kiper lyt ein nemna eit mindre kjent bere-ilåt som dei i Nordhordland kallar fjølkipa (ei), og som dei i Fjell i Midhordland kallar kipa (ei). Det er eit slags kasse arbeidd av fjøler og liknar ikkje på ei vanleg kipa. I Karmsund og Sunnhordland har dei difor andre nemningar på det. Dette ilåtet må vera mykje eldre enn kipa er her i landet, og det vart nytta til ein serskild bruk, nemleg til å bera teinemat i og småkrabbe og høvring som dei brukte til flu og til agn. Krabben og høvringen hadde dei levande i kassen med noko «krabbatare» over, og kassen tok dei med i båten.⁴ Skulle dei ikkje bruka

¹ Under utgravingane på Bryggen i Bergen dei siste åri, der dei har funne så mangt frå mellomalderen, har dei til no ikkje funne kiper eller restar av kiper, fortel konservator Asbjørn E. Herteig som står for utgravingane.

² I Sogn og Vest-Telemark seier dei både *kjessa* og *kipa*.

³ I Evanger, vestom Voss, brukte dei ei tettbunden «teina» til å bera vondlar i. Sjå Ivar Skre i «Forming» nr. 4 1959, s. 20 med fig. 12 s. 19.

⁴ Når dei skulle glipe bort, hadde dei med seg ei steinhella, «fluhedla», i båten og ein hokkert, d.v.s. eit jarn- eller malmstykke med treskaft på. Med hella til underlag brukte dei hokkerten til å «hakka flu» med, d.v.s. dei hakka krabben eller høv-

krabben med det same dei hadde fiska han, sette dei kassen i sjøen på grunt vatn attmed land for å halda krabben levande. I botnen på kassen — og stundom i sidene og — var det mange borehol, såleis at det alltid var frisk sjø i kassen så lenge han stod i sjøen, og det var alltid lok på kassen for at krabben og høvringen ikkje skulle krypa or. For at kassen ikkje skulle flotna opp, mura dei han ned med stein. Stundom bar dei heim fisk i kassen, men i Karmsund og Sunnhordland brukte dei helst ei kipa til det.

I Falnes sokn i Skudenes og i Stangaland på Sør-Karmøy kallar dei ein såvoren kasse for bårkista (ei). Namnet må hanga saman med ordi å bera og ei bår(a). I Ferkingstad sokn i Skudenes og i Åkra på Sør-Karmøy og i Avaldsnes og Torvastad på Nord-Karmøy seier dei krabbahus (eit) eller krabbakista (ei). I Røvær i Skåre sa dei før bårkista, men no seier dei teinematkista eller matkista; for der brukar dei no dette ilåtet berre til å ha teinemat i. Høvring som dei skal bruka til flu, har dei i brunnen i motorbåten. På Førland i Skåre heiter det teinemathus. På Veste i Skåre seier dei krabbakista. I Sveio og i Fitjar, Sunnhordland, seier dei krabbahus. Ingen av dei her nemnde namni på dette ilåtet står

ringen sund — med skal og alt — til ei seig hokka, flu (eit); og så flydde dei på den måten at dei kasta noko flu på sjøen over glipen. Dette flydde då ut i sjøen, og morten kom og samla seg om det. Så heiste dei opp glipen med morten i. Sjå Knud Leem: «Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari» utgjevne ved Torleiv Hannaas (Kristiania 1923) under ordi eit flu og å fly.

Stundom flydde dei når dei fiska torsk og. Då hadde dei ein liten skinnpose, ei flutaska, fastsett på snøret eit par famnar ovom søkket og med opningi ned. Denne posen fylte dei med flu. Så lenge snøret gjekk ned, heldt trykket fluet i posen; men når søkket var kome i botnen, og dei drog oppatt, gjekk fluet or posen og lokka fisken til.

Hakka høvring og krabbe brukte dei og til agn på ongulen når dei fiska torsk. Men det kalla dei ikkje flu. Dei surra agnet, hokka, på ongulen med litt ull eller raud ulltråd for at hokka ikkje skulle gå av. I Utsira smurde dei «slikk» (eit) utanpå dette agnet og surra slikket og til. Dette kalla dei «slikk på neve(t)». Slikk er maten som ligg under ryggskalet på høvringen. Slikket er seigare enn hokka og er det beste agnet ein kan få, seier dei i Utsira. Nevet (eit nev) er agnshaldet på ongulen. Nev er det gamalnorske ordet for nase. Me brukar det og i ordi keipanev og drogenev. I Utsira nyttar dei uttrykket «slikk på neve(t)» og i overført tyding, nemleg om freistande og fårleg lokkemat. Uttrykket må vera svært gamalt. Eg har berre høyr det i Utsira.



Fig. 41. Bårkista eller krabbahus frå Sørstokko i Stangaland, arbeidd av Jon Osmundsen Sørstokke (fødd 1806). 51 cm lang, 30 cm brei, 40 cm høg. Museet i Haugesund.

til flu. I vår tid har dei, som nemnt, brukt både krabbe og høvring. Denne tydingi av ordet høvring (ein) står ikkje i ordbøkene.

Bårkistene var stundom forma som eit hus med møne på. Den eine sida av taket var lok. Det var tilhengsla med snøre i mønet, og så var det eit attlat midt på nedre kanten av loket. Sjå fig. 41. Dette slaget var truleg det eldste. Andre bårkister var pultforma. Sjå fig. 42. I Karmsund er det den formi dei fleste kjenner no til dags. Den faste, vassrette fjøli oppå brukte dei ofte til å skjera til teinematen på. Det var helst kasen småsei og mort dei brukte til teinemat. Bårkista hadde dei under tofta i båten, og når det var møne eller skråtak på henne, kom ho mindre i vegen. Men sume hadde og bårkister med flatt lok.

I Karmsund veit me at dei har hatt husforma bårkister på Mjølhus i Skudenes, på Sørstokko i Stangaland, på Landanes i Avaldsnes og i Røvær i Skåre, og at dei har hatt pultforma bårkister på Kyrkjeleit, Austnaberg, Sandhåland og Ferkingstad i Skudenes, på Liknes i Åkra, på Kalstø og Vikene i Avaldsnes, på Vikingstad og Feøy i

¹ Hanhøvringen heiter «kād», kar, og høvringen heiter «kjering», kjerring. Om folk heiter det kar og kjering.

i ordbøkene. Ordbokforfattarane må ikkje ha kjent denne bererisken.

Ordi krabbahus og krabbakista i Karmsund viser at frå gamalt av må det ha vore småkrabbe dei har brukt til flu, for i Karmsund er det berre småkrabben — gråkrabben — dei kallar krabbe. Den store raudkrabben — paltorsk som dei seier på Sørlandet — heiter høvring,¹ og den har dei truleg halde for god til å bruka




Fig. 42. Bårkista eller krabbahus frå Sandhåland i Skudenes, arbeidd av Laurits Eriksen Sandhåland (fødd 1873). 29 cm lang, 28 cm brei, 20 cm høg. Museet i Haugesund.

Torvastad og på Veste, Førland og Røvær i Skåre. I Røvær brukar dei pultforma bårkister framleis, men det er slutt på dei husforma. I Røksund og Mykjo i Avaldsnes og i Åkra har dei hatt bårkister med flatt lok. I Sunnhordland kjenner eg til at dei har brukt både husforma og pultforma bårkister på Søre-Mølstre i Sveio, husforma på Sele i Bremnes og pultforma på Avløyne i Sveio og på småøyane i Fitjar. I heradi Austrheim, Fedje, Hjelme, Hordabø, Herdla og Lindås i Nordhordland var bårkistene (fjølkipene) husforma. I Fjell i Midhordland var dei og det. Der kallar ein dei, som nemnt, for kiper. Ei verkeleg kipa kallar dei der korg (ei).

I Karmsund og Sunnhordland bar folk oftast bårkista på ryggen etter eit tog over aksli. Sume trødde enden av toget inn gjennom eit hol høgt oppe midt på den sida som vende til ryggen, og så sette dei knute på togenden på innsida. Dei bar då bårkista etter eit enkelt tog. Fig. 42. Andre trødde toget forutan gjennom holet i sida også gjennom eit tilsvarende hol i den faste takfjøl, og så spleiste dei endane ihop. Då hadde holet ikkje så lett for å klovna ut. Fig. 41.

Ei liti, kring 80 år gamal bårkista frå Austnaberg i Skudenes, no på museet i Haugesund, har dei derimot bore på sida etter eit tog frå den eine gavlen til den andre. Det er hol til toget i gavlane, og det er knutar på toget på innsida. Etter dette toget bar dei bårkista i handi eller med toget over eine aksli. I Nordhordland har dei og bore bårkistene, fjølkipene, på sida etter eit tog frå gavl til gavl.

Bruken av bårkistene (fjølkipene) var den same i Nordhordland som i Karmsund og Sunnhordland; men i Nordhordland har det vore meir vanleg å bera fisk i dei. Til å bera høvring i — eller krabbe som dei seier der — hadde dei i Herdla serskilte fjølkiper. Dei var større enn dei andre fjølkipene; for høvringen er stor og treng stor plass.

Ein lyt rekna med at folk har brukt bårkister andre stader og enn her er nemnt, serleg i stroket frå Karmøy til ytre Nordhordland. No syng bårkistene på siste verset i Karmsund og Sunnhordland, og det har minka mykje på dei i Nordhordland og.

Frå fyrst av må bårkistene ha vore arbeidde til å ha krabbe i når folk skulle bruka krabbe til flu eller agn; men det var og naturleg å nytta bårkistene til å bera heim fangsten i, serleg før ein fekk kiper.

Då folk — kring 1700 — byrja å bruka teiner til å fiska hummar

og høvring i, var bårkistene svært høvelege til å ha teinemat i. Loket gjorde at det ikkje kom nemnande regn og sjøskvett på teinematen, og holi i botnen gjorde at væta rann av. Kjem det væta, serleg ferskt vatn, på teinematen, vert det stygg lukt av han; og hummaren er vand på maten. Det må truleg ha vore etter dei hadde teke til å bera teinemat i bårkistene, at folk byrja å laga pultforma bårkister som ein kunne skjera til teinematen på.¹

Museumsdirektør Kristján Eldjárn, Reykjavík, skriv til meg etter å ha sett bilete av dei to bårkistene frå Karmøy, fig. 41 og 42, at slike har dei ikkje på Island. Men dei har «beitukista» til å samla agn i, fyrst og fremst blåskjel, og «slorskrina» til å bera rogn og lever i. Det er ikkje lok på dei, men båe har hol i botnen.

¹ Om framgangsmåten den tid dei tok hummaren med tong, sjå Ivar Skre i tidsskriftet «Sunnhordland» 1959 s. 4—8.

Til alle som har hjelpt meg med opplysningar, bilete o. a. til dette stykket, seier eg hjarteleg takk. Men det er ein eg lyt takka serskilt, og det er museumsstyrar N. H. Tuastad. Han har gjeve meg opplysningar og rettleiing, funne fram tingi på museet i Haugesund og fotografert dei og hjelpt meg på mange andre måtar.